



Tambaraskjelvar idrettslag

SAKSDOKUMENT ÅRSMØTE 15.MARS 2024, KL. 18:00,
HÅJEN

ÅRSMELDING 2023, REKNESKAP 2023, BUDSJETT 2024



*sparebanken
sogn og fjordane*



INNHALD

<i>Innhald</i> _____	2
<i>Saksliste og framlegg til vedtak</i> _____	3
Sak 1 - Godkjenne dei som har røysterett _____	3
Sak 2, 3 - Godkjenne innkallinga og sakslista _____	3
Sak 4, 5 og 6 - Velje _____	3
Sak 7 - Godkjenne møteregeleane _____	4
Sak 8 - Handsame idrettslaget si årsmelding, irekna gruppeårsmeldingane og melding frå anlegg _____	4
Sak 9 - Handsame idrettslaget sin rekneskap i revidert stand _____	5
Sak 10 - Handsame innkomne forslag og saker _____	5
Sak 11 - Fastsetje medlemskontingenten og treningsavgift _____	7
Sak 12 - Budsjett 2024 _____	8
Sak 13 - Val _____	8
<i>Vedlegg</i> _____	11
Vedlegg 1 (SAK 8) - Årsmelding for Tambarskjelvar Idrettslag _____	11
Hovudlaget _____	11
Allidrett _____	14
Fotballgruppa _____	16
Friidrett _____	25
Triatlon og sykkel _____	27
Ski- og orienteringsgruppa _____	29
Trimgruppa _____	32
Vektløftargruppa _____	33
Naustdal stadion _____	46
Orientering frå Instedalen skianlegg as _____	47
Vedlegg 2 (SAK 9): Rekneskap og melding frå kontrollnemda _____	53
Vedlegg 3 (SAK 10.1) - Forskottering spelemidlar og momsrefusjon lagerbygning på Naustdal stadion (sak 10.1) _____	63
Vedlegg 4 (SAK 10.) - Søknad om rentefritt lån og ytterlegare finansiering Instedalen skianlegg as _____	66
Vedlegg 5 (SAK 10.4) - Øyra/Løken nærmiljøanlegg _____	69
Vedlegg 6 (SAK 12) - Budsjett _____	76

SAKSLISTE OG FRAMLEGG TIL VEDTAK

Sakslista er i tråd med Årsmøtet sine oppgåver, jf. § 15 i Lov for Tambarskjelvar Idrettslag.

SAK 1 - GODKJENNE DEI SOM HAR RØYSTERETT

Årsmøtet skal avklare kor mange medlemmar med røysterett som er tilstades ved starten av årsmøtet. Alle som har vore medlem av idrettslaget i minst ein månad, fyller minst 15 år det kalenderåret årsmøtet vert avheldt, og har oppfylt sine økonomiske forpliktingar til idrettslaget, har røysterett.

Årsmøtet er vedtaksført om det møter eit tal medlemmar med røysterett som minst svarar til talet medlemmar i styret, ihht. Idrettslaget sin lov. Om årsmøtet ikkje er vedtaksført, skal det kallast inn til nytt årsmøtet utan krav til minimumsdeltaking.

Framlegg:

SAK 2, 3 - GODKJENNE INNKALLINGA OG SAKSLISTA

Styret viser til innkalling 8. februar til årsmøte av på våre heimesider www.tambarskjelvar.no. Innkallinga er delt via sosiale media og sendt direkte til gruppeleiarane.

Framlegg: Innkallinga og sakslista vert godkjent

SAK 4, 5 OG 6 - VELJE

- a. Møteleiar

Framlegg: Jan Magne Herstad

- b. Referent

Framlegg: Pål Arve Myklebust

- c. To medlemmar til å skrive under protokollen

Framlegg: (to av dei frammøtte)

SAK 7 - GODKJENNE MØTEREGLANE

1. Årsmøtet vert leia av den møteleiaren som vert valt.
2. Protokollen vert ført av valt referent.
3. Ingen representant får rett til ordet meir enn 3 gongar i same sak. Unnatak gjeld presentasjon av årsmeldingar. Unnatak gjeld og innleiingsføredrag i høve sakslista med taletid 5 minuttar.
4. Møteleiaren kan korte ned taletida og setje strek for talelista etter behov.
5. Representantar som forlanger ordet til møtereglane har 1 minutt taletid.
6. Alle forslag skal leverast skriftleg til møteleiar, og vere underteikna representanten sitt namn. Forslag kan berre fremjast i saker som står på sakslista. Tidlegare forslag kan ikkje trekkast tilbake og nye forslag kan ikkje settast fram etter at strek er satt, eller saka er teken opp til votering.
7. Med unnatak av lovendingar vert alle vedtak og val avgjort ved fleirtal av dei avgjevne stemmane. Om det vert nytta skriftleg val, tel ikkje blanke stemmesetlar og stemmane vert rekna som ikkje avgjevne.
8. I protokollen førast det inn kven som har hatt ordet i sakene, forslag og vedtak med tal stemmar for og imot.

Framlegg: Møtereglane vert godkjent.

SAK 8 - HANDSAME IDRETTSLAGET SI ÅRSMELDING, IREKNA GRUPPEÅRSMELDINGANE OG MELDING FRÅ ANLEGG

Styret og gruppene har levert gode årsmeldingar for idrettsåret 2023. Styret og gruppene går gjennom sine årsmeldingar og arbeidsplanar, sjå Vedlegg 1.

Framlegg: Årsmelding for Tambarskjelvar IL, gruppene og anlegg 2023 vert godkjent slik dei ligg føre.

SAK 9 – HANDSAME IDRETTSLAGET SIN REKNESKAP I REVIDERT STAND

Rekneskapsfører går gjennom rekneskapet, sjå Vedlegg 2, og revisor går gjennom revisjonsmeldinga, for Tambarskjelvar IL.

Framlegg: Årsrekneskapen 2023 for Tambarskjelvar IL hovudlaget som viser eit overskot på kroner 5 916 kroner, vert godkjent slik det ligg føre. Totalrekneskapen 2023 for Tambarskjelvar IL som viser eit underskot på 55 790 kroner vert godkjent slik det ligg føre.

SAK 10 - HANDSAME INNKOMNE FORSLAG OG SAKER

Sakene er komt styret i hende innan 1.mars.

SAK 10.1- SØKNAD OM FORSKOTTERING GARASJE PÅ BANA

Styret har motteke søknad frå prosjektgruppa som arbeider med nytt lagerbygg/garasje på Naustdal stadion. Prosjektgruppa søker om forskottering av spelemidlar og momsrefusjon på inntil 1,5 mill. kroner. Sjå vedlegg 3.

Styret si vurdering: Nytt lagerbygg/garasje på Naustdal stadion no er heilt naudsynt å prioritere. Tambarskjelvar har mykje utstyr som treng lagerplass, og fotball-, friidretts- og triatlongruppa har behov for lagring av utstyr. I tillegg er dette eit samarbeidsprosjekt med Naustdal Røde kors, som er positivt.

Framlegg: Tambarskjelvar IL forskotterer midlane som omsøkt. Finansiering må vere på plass før byggstart. Beløpet som vert forskottert for anleggsmoms skal tilbakebetalast når anlegget er ferdigstilt, og seinast innan oktober 2026.

SAK 10.2 – SØKNAD OM RENTEFRITT LÅN OG YTTERLEGARE STØTTE TIL INSTEDALEN SKIANLEGG AS

Instedalen skianlegg as har i samband med utviding av klubbhus med garasje, søkt Tambarskjelvar IL om rentefritt lån på inntil 248 000 kroner, og støtte på inntil 36 000 kr for å få fullfinansiering før søknad om spelemidlar, sjå Vedlegg 4. Styret i Tambarskjelvar IL har handsama begge søknadene på styremøte 8/2023.

Styret si vurdering: Styret henta i samband med styresaka råd frå Vestland idrettskrets når det gjeld rentefritt lån. Hovudregelen er at idrettslag ikkje kan gi lån, men det er opna for at ein kan gjere dette under visse føresetnader, jf. NIF sin lov § 2-2 med rettleiing. Sidan Tambarskjelvar IL er majoritetseigar av as'et kan vi yte eit slikt lån. Tambarskjelvar IL må då ta tryggleik for lånet i refusjon av anleggsmomsen.

Tambarskjelvar IL har ved fleire høve tidlegare ytt støtte til Instedalen skianlegg as. Idrettslaget har aukande aktivitet, både knytt til etablering av andre anlegg og til støtte av aktivitetar.

Framlegg: Tambarskjelvar IL gir Instedalen skianlegg as rentefritt lån som omsøkt. Tambarskjelvar IL tek tryggleik i refusjon av anleggsmoms, og det skal skrivast avtale på dette. Rentefritt lån skal tilbakebetalast når utvidinga som no er planlagt er ferdigstilt, og seinast innan oktober 2025.

Tambarskjelvar IL gir ikkje støtte på 36 000 kroner som omsøkt.

SAK 10.3 – ALLIDRETT OG AKTIVITET I SÆRGRUPPENE

Styret i Tambarskjelvar IL fremmer sak til Årsmøtet gjeldande aktiviteten knytt til allidretten og særgruppene. Allidretten i idrettslaget er lagt opp med årshjul for dei ulike aldersgruppene, og inneheld mange aktivitetar. Årshjulet er sesongbasert, der ein legg opp til utandørsaktivitetar sommarhalvåret, og tilsvarande vinteraktivitetar i vinterhalvåret. Styret har fått fleire tilbakemeldingar på at utøving av idrett ikkje lengre er so sesongbasert som årshjulet legg opp til, og styret ynskjer difor å arbeide nærmare med årshjulet og vurdere om ein i større grad kan opne opp for aktivitetar i særgruppene utanom allidretten og årshjulet. Styret har også fått tilbakemelding på at allidretten ikkje nødvendigvis er eigna for alle, sidan ein der møter nye aktivitetar og nye vaksne gjennom året. Dette skaper utryggleik for somme born.

Tambarskjelvar IL har følgjande årsmøtevedtak som gjeld barneidrett/idrettsskulen frå Årsmøte 2019:

- I tidsrommet oktober-mai tilbyr Tambarskjelvar IL barneidrett for ungar 0-6 år.
- Det kan utarbeidast årshjul for 6-åringane om barneidretten saman med gruppene finn det føremålsteneleg.
- Årshjulet for aldersgruppa 7-10 år vert oppretthalde.
- Ev. aktivitet utanom barneidretten/idrettsskulen skal avklarast med styret før igongsetting.

Styret si vurdering: Styret er oppteken av å oppretthalde årshjulet i tråd med årsmøtevedtaket. Tambarskjelvar IL er ein føregangsklubb når det gjeld allidrett, og vi vert ofte nytta som døme og rådgjevarar av Idrettskretsen. Vi er likeins oppteken av å tilby aktivitet for alle medlemmane våre. Vi ser at årshjulet/aktivitetane i idrettslaget bør vidareutviklast, både i takt med at dei fleste idrettar no er vorte heilårsidrettar og i lys av kva aktivitetar idrettslaget kan tilby etter idrettsskulen. Vi føreslår å arbeide med årshjulet og aktivitar Tamvarskjelvar IL kan tilby våren 2024 saman med gruppene.

Framlegg: Styret i Tambarskjelvar IL får fullmakt til å vurdere aktiviteten for born saman med gruppene. Styret får vidare mynde til å vedta ev. ny ordning.

SAK 10.4 – ØYRA/LØKEN

Styret i Øyra/Løken nærmiljøanlegg har fremma sak om at Tambarskjelvar IL skal medverke til å sikre ei god organisering arbeidet knytt til nærmiljøanlegget, og for å sikre drift og utvikling av anlegget, sjå Vedlegg 5. Nærmiljøanlegget meiner at Tambarskjelvar IL må medverke sidan grupper i Tambarskjelvar IL nyttar anlegget til sine aktivitetar. Det vert vidare peikt på at grendalaga som i si tid var med å starte anlegget i liten grad fungerer i dag, og at det soleis ikkje er grunnlag for å vidareføre dagens organisering og drift. Kommunen vil ikkje påta seg ansvaret for drifta.

Saka vart fremma på årsmøtet i Tambarskjelvar IL i 2022, og nærmiljøanlegget meiner at saka ikkje vart handsama i tråd med vedtektene og fremmer difor saka på nytt.

Styret si vurdering: Styret er ikkje samd i at saka som vart handsama på årsmøte i 2022 ikkje var i tråd med vedtektene. Følgjande er protokollført :

Sak 2 og 3	<p>Godkjenning og Innkalling av sakliste og innkalling.</p> <p>Sakliste ikkje lagt ut ei veke frist, men ingen merknadar på dette.</p> <p>Framlegg: Innkallinga og saklista vert godkjendt.</p> <p>Vedtak: Innkallinga og saklista vert godkjendt. Samrøystes</p>
------------	---

Styret kan ikkje sjå at idrettslaget er tent med å medverke til organisering, drift og vidareutvikling av nærmiljøanlegget. Idrettslaget har utfordringar med å få nok engasjement i eksisterande aktivitetar og anlegg, både i høve verv og dugnad. Styret meiner, som ved handsaming av saka i Årsmøte 11.mars 2022, at eit idrettslag ikkje kan ta på seg organisering, drift og vidareutvikling av nærmiljøanlegg. Om årsmøtet meiner at idrettslaget skal stille seg positive i denne saka, vil det gi presedens i høve dei andre nærmiljøanlegga i Naustdal.

Styret oppmoder dei gruppene i idrettslaget som har aktivitet knytt til nærmiljøanlegget om å yte dugnadshjelp ved behov og høve.

Framlegg: Tambarskjelvar IL skal ikkje medverke til å sikre ei god organisering av arbeidet knytt til nærmiljøanlegget, og skal ikkje ta ei rolle i drift, vedlikehald og utbygging utvikling av anlegget.

SAK 11 - FASTSETJE MEDLEMSKONTINGENTEN OG TRENINGSavgIFT

Tambarskjelvar IL ynskjer å skape idrettsglede for alle og er oppteken av at våre avgifter ikkje hindrer deltaking. På idrettsforbundet sine sider finn vi mykje og god informasjon om korleis vi kan arbeide med dette temaet: <https://www.idrettsforbundet.no/tema/okonomi-som-barriere/>

Barn: 50,-

Ungdom: 100,-

Vaksne: 200,-

Støttemedlem: 100,-

Framlegg medlemskontingent: Satsane vert uendra.

Treningsavgifta dekker kostnader for å kunne delta på trening og kamp i regi av Tambarskjelvar IL: Treningsavgifta er tilpassa det tilbodet du som medlem får, og varier både på årstrinn og nivå.

Framlegg treningsavgift: Årsmøtet gir dei enkelte særgruppene fullmakt til å fastsette treningsavgift.

SAK 12 - BUDSJETT 2024

Hovudstyret og gruppene går gjennom hovudtrekka i budsjettet, sjå Vedlegg 6.

Framlegg: Tambarskjelvar IL sitt budsjett for 2024 vert godkjent slik det ligg føre.

SAK 13 - VAL

Valnemnda har bestått av Leiar: Anne Marit S Rygg, Medlem: Bjørn Hunderhagen. Valnemnda legg fram sitt forslag til nytt styre på årsmøtet.

13.1 STYRET

Innstilling frå valnemnda:

Leiar	Siss- May Edvardsen, 1 år
Nestleiar	Sigrid Anette Førde, 2 år
Kasserar	Anne Sofie Berntsen, ikkje på val
Styremedlem	Athina Alisøy Karipi, 2 år
Styremedlem	Pål-Arve Myklebust, 2 år
Styremedlem	Andre Klingenberg, ikkje på val
Styremedlem	Janne Takset Nøstdal, ikkje på val
Varamedlem	Regine Midtbø Gausemel, 2 år

Valnemnda har bestått av Anne Marit Rygg (leiar) og Bjørn Hundershagen.

Valnemnda har fordelt oppgåver og har hatt 2 telefonmøter. Valnemnda valgte i fjor å styrke styret slik at det vart 7 medlemmer i hovudstyre, difor har vi valgt å kun ha ein vara etter at det førre år var to som begge stod på valg og ikkje tok gjennvalg.

Røysting med vedtak:

13.2 KONTROLLUTVAL

Styret legg fram sitt forslag til kontrollutval på årsmøtet.

Medlemmer: Renate Aarseth Horstad- Ikkje på val (vart vald for 2 år i 2023).
 Mari S. Aamot: På val – attval 1 år

Røysting med vedtak:

13.3 REPRESENTANTAR TIL TING OG MØTER I DEI ORGANISASJONSLEDD IDRETTSLAGET HAR REPRESENTASJONSRETT

Framlegg: Årsmøtet gir styret fullmakt til å oppnemne representantane.

13.4 VALNEMND

Styret legg fram sitt forslag til valnemnd på årsmøtet.

Leiar: Anne Marit S. Rygg. På val. Tek ikkje attval.
Medlemmar: Bjørn Hundershagen. På val – attval, 1 år

Framlegg: Årsmøtet gir styret fullmakt til å oppnevne medlemmer til valnemnda.

Æresmedlemmer

Ivar Bruflot (1878-1968)

Ola Fimland (1906-1981)

Ingolv Eimhjellen (1906-2000)

Karl Hove (1887-1971)

Kåre Eimhjellen (1924-1992)

Halldor Herstad (f. 1930-2017)

Anders Sæle (1921-2006)

Gunnar Hage (f. 1935)

Erik Horstad (f. 1931)

Arne Grimseth (f. 1948)

Ola Standal (1925-2016)

Norvald Ospehaug (f. 1953)

Åsmund Berthelsen (f. 1952)

Bjørn Hundershagen (f. 1964)

Sturle Standal (f. 1960)

VEDLEGG

VEDLEGG 1 (SAK 8) - ÅRSMELDING FOR TAMBARSKJELVAR IDRETTSLAG

HOVUDLAGET

Styret	
Leiar	Siss-May Edvardsen
Nestleiar	Sigrid A. Førde
Styremedlem	Anne Sofie Berntsen (kasserar, ansv. Barneidrett)
Styremedlem	Pål Arve Myklebust (ansv. Politiattest)
Styremedlem	Athina Karipi
Styremedlem	Janne Takset Nøstdal
1. vara	Ann Karin Andvik
2. Vara	Runar Hovland

Gruppeleiarar	
Allidrett	Eigil Instebø
Fotball	Bjørn Ole Hjørnevik
Friidrett	Katarina A. Kleppe
Ski- og orientering	Åsmund Berthelsen
Triatlon- og sykkel	Steffen Stuhaug
Trim	Borgny Hatleset
Vektløfting	Ove Varlid

Kontrollutval Renate Aarseth Horstad
 Mari Slagstad Aamot

UTVAL VALT PÅ ÅRSMØTET 2023

Valnemnd: Anne Marit S. Rygg (leiar), Bjørn Hundershagen

REPRESENTASJON

Styret møter i Banestyret (Naustdal stadion) og i Instedalen skianlegg ved behov.

Sunnfjord idrettsråd: Siss-May Edvardsen

STYRET SITT ARBEID

Styret har hatt 8 styremøte og handsama 35 saker.

INFORMASJON OG MARKNADSFØRING

Heimesida vår har høvesvis lite aktivitet, men er no i oppgradering. Referat frå styremøta vert publisert her. Facebooksida til idrettslaget er godt besøkt og vi oppfordrar alle til å dele aktivitetar ol her.

FASTE STØTTESPELARAR

Avtale med Sparebanken Sogn og Fjordane.

Vi har avtale med Sport 1 Førde om Adidas-klede og klede frå Craft. Avtalen vart inngått i 2021.

UTDANNING

Det har ikkje vore utstrakt aktivitet med omsyn til utdanning i styret i 2023.

SÆRFORBUND

Tambarskjelvar er medlem i desse særforbunda: Norges Skiforbund, Norges Orienteringsforbund, Norges Volleyballforbund, Norges Friidrettsforbund, Norges Vektløftarforbund, Norsk Styrkeløftforbund, Norges Handicapidrettsforbund, Norges Gang- og turmarsjforbund, Norges Triatlonforbund og Norges sykkelforbund.

AKTIVITET

Styret har satt i gang arbeid med fornying av heimesida vår. Vi har som mål at alle gruppene på sikt skal inkluderes her slik at vi står fram med ein profil.

Ei arbeidsgruppe bestående av Bjørn Hundershagen, Eigil Instebo, Oddvard Hukset, Jan Inge Rygg og Torgeir Herstad har arbeidd godt med nytt lagerbygg på Naustdal stadion. Søknad er sendt til sparebankstiftinga. Det er heilt naudsynt å få etablert nytt lagerbygg på stadion. Vi har mykje utstyr som må stå innomhus, og fotballen treng varmt lager. Naustdal Røde Kors vert medeigar og -finansør.

Instedalen skianlegg AS arbeider godt med utviding av eksisterande klubbhus med garasje.

Sunnfjord Triatlon vart eit godt gjennomført arrangement, med mange påmelde og mykje publikum. Dette er eit viktig arrangement for Naustdal totalt sett.

Styret har hausen 2023 arrangert Open hall for ungdomsskuletrinnet annakvar fredag. Vi har hatt godt besøk kvar gong.

Gruppene stiller opp på aktivitetar som Sanden Sundag mm.

MEDLEMSTAL

Under er vist medlemsutvikling totalt sett.

	2019	2020	2021	2022	2023
Totalt	1192	1087	1048	941	960

Det er ein liten oppgang i medlemstala til Tambarskjelvar IL. Det er medlemmane sjølv som er ansvarleg for både å melde seg inn og ut av idrettslaget gjennom MinIdrett. Vi opplever at løysinga er vorte betre og at fleire av medlemmane våre brukar løysinga.

ANLEGG

Tambarskjelvar IL driftar/eig følgjande anlegg:

Naustdalshallen 1 og 2: Drift er overteke av Sunnfjord kommune. Tambarskjelvar IL og Sunnfjord kommune har inngått avtale om vakthald i regi av idrettslaget på ettermiddag- og kveldstid, i tillegg bidreg vi ved utleige til eksterne i helgane. Denne avtalen betyr at Tambarskjelvar IL frå rimelegare leige av hallane. Tusen takk til dei frivillige som stiller opp som vakt i hallen.

Naustdal stadion: sjå årsmelding frå Banestyret.

Instedalen skianlegg: sjå eiga orientering frå Instedalen skianlegg AS.

ÅRSREKNESKAP

Årsrekneskapen 2023 for Tambarskjelvar IL hovudlaget viser eit overskot på 5 916 kroner.

Totalrekneskap 2023 for Tambarskjelvar IL som viser eit underskot på kr 55 790 kroner.

Aktivitetstilskudd frå kulturdepartementet 173 385 kroner.

Norsk Tipping, Grasrotandelen 144 611 kroner.

Link Bingo 81 437 kroner.

Idrettslaget har ein solid økonomi med ein solid eigenkapital på 5 431 948 mill. kroner ved årsskiftet. Gruppene gjer ein god jobb med å sikre inntekter til eigne aktivitetar.

VURDERING AV ARBEIDET

Tambarskjelvar IL er god på eit mangfald av aktivitetar, på arrangement og på å samarbeide internt i laget. Økonomien i laget er stabil, med gode inntekter frå medlemskontingent, kulturmidlar frå Sunnfjord kommune, Link bingo og Grasrotandelen i Norsk Tipping. Gode medlemstal gir tildelingar gjennom aktivitetstilskuddane til NIF.

Vi takkar alle tillitsvalde og styremedlemmar i gruppene, styremedlemmar og dugnadsarbeidarar i Naustdalshallen, på Naustdal stadion, Instedalen skianlegg og foreldre som har vore med og bidrege slik at born og unge i Naustdal har eit mangfald av idretts- og fritidstilbod.

Takk til våre sponsorar!

Naustdal, 06.04.2024

Siss-May Edvardsen, Pål Arve Myklebust, Athina Karipi, Anne Sofie Berntsen, Janne Takset Nøstdal, Sigrid A. Førde, Anne Karin Andvik, Runar Hovland

ALLIDRETT

Leiar Eigil Instebø, nestleiar André Klingenberg, kasserar Stine Natalie Hagenes, styremedlem, Susanna Sturholm.

MØTER

Styret har hatt 3 møter i 2023. I tillegg er mykje av dei praktiske oppgåvene løyst fortløpande utan formelle møter. Tema på møta har mellom anna vore evaluering av sesongen, fordeling av arbeidsoppgåver i styret, nytt årshjul, informasjon, rekruttering av trenarar og gjennomføring av arrangement som t.d. nissemarsjen.

REGISTRERING

For barneidretten og idrettsskulen sine treningar innandørs i hallen er det registrert namn og fødselsår på borna, samt namn og kontaktinformasjon på føresette. Føresette kryssar av på oppmøteliste på kvar treningsøkt borna er på.

UTDANNING

Det har ikkje blitt arrangert kursing av trenarar dette året.

AKTIVITETAR

Hovudmålsettinga er å få borna glade i å drive med fysisk aktivitet og samtidig få stimulert grunnleggjande motoriske ferdigheter. Vidare er det eit mål å drive allsidig idrett lengst mogleg og dermed utsetje spesialisering.

Barneidretten har ei trening i veka innandørs, og tilbod om deltaking på ski saman med idrettsskulen på vinteren. Totalt 36 treningar for sesongen. Treningane innandørs er organisert i 3 grupper i høve til alder; 2-3 år med ca 15-20 deltakarar, 4-5 år med ca. 15-25 deltakarar og 6 åringer (1. klassingar) med ca 15 deltakarar. Totalt ca 40-60 barn. For dei minste borna har det blitt lagt vekt på lek og allsidig aktivitet i lag med foreldre. For dei to eldste gruppene er det meir organisert aktivitet som er leia av frivillige foreldre som ønsker å bidra. Opplegget er variert ut frå den ansvarlege sine kunnskapar og erfaringar frå ulike aktivitetar. Det skal stimulerer til allsidig aktivitet som utviklar fysiske, psykiske og sosiale dugleikar.

Det har fungert relativt greitt å fått trenarar på dei ulike gruppene når to og to foreldre har hatt ansvaret i lag. Det senkar nok også terskelen for å arrangere treningar for dei som ikkje er vande.

Det er kjempeflott at foreldre ønsker å bidra med ansvar for treningane på dei ulike gruppene. Utan denne hjelpa kunne vi ikkje arrangert eit så variert og flott opplegg for denne aldersgruppa!

Idrettsskulen er lagt opp med to treningar i veka gjennom heile skuleåret 2022-2023, totalt 74 treningar. Aktivitetane er; fotball, sykkel, orientering, friidrett, vektløfting, judo, volleyball, handball, rugby, turn, basketball og ski.

Særgruppene i Tambarskjelvar har stilt opp med trenarar på ein flott måte innan sine idrettar. På judo, handball, turn og rugby har vi henta inn ekstern hjelp. Deltakinga gjennom vinterhalvåret har vore rundt 20stk på kvar trening.

André Klingenberg (nestleiar i barneidretten) er lærar på NBU. Han informerte iherdig om idrettsskulen sitt opplegg inne i dei ulike klassane allereie første veka etter skulestart hausten 2022. I tillegg vart det informert meir på sosiale medium om tilbodet. Dette førte til godt oppmøte på

treningane i starten av hausten. På orienteringstreningane fall deltakarantalet. Vi må stimulere betre deltaking neste år.

NYE TILBOD

Det har vore etterspurt meir turn på idrettsskulen og det vart iverksatt dette året. Det vart gjennomført totalt 5 økter turn før jul, eit tilbod som tidlegare ikkje har vore før etter nyttår. Fire elevar i 9.klasse på NBU har hatt ansvaret for desse øktene, dei har turnerfaring frå Førde turn.

ARRANGEMENT

Avslutninga av treningsåret på Øyra/Løken på våren vart lagt til rett før skuleslutt. Frå tidlegare har det blitt utført før 17.mai, og det har vore lite deltaking på treningane etter det. No har det fungert litt betre, men vi kan nok bli flinkare til å promotere treningane utandørs på torsdagane.

Nissemarsjen 2023 vart arrangert med hest frå parkeringsplassen nedanfor skulen, ein runde rundt Blikkenslageren i sentrum og opp att til julegrana der det vart julesong. Det vart servert graut frå Håjen kafé sponsa av Sparebanken Sogn og Fjordane, og nissen kom på besøk med godtepose frå Extra. Grunna rehabilitering av kommunehuset vart arrangementet flytta på baksida av kyrkjelydshuset, der vi også hadde tilgang på bord og frå det bygget. Det fungerte bra, vi serverte graut under tak, og folk fant seg ein plass utandørs sjølv i eit pøsande regnvær. Bra oppmøte også med ca 80 ungar.

POLITIATTESTAR

Det har tidlegare år blitt avklart med idrettskrinsen at ein ikkje treng innhenting av politiattest for trenarar på barneidretten eller idrettsskulen. Dette fordi kvar enkelt trenar ikkje har meir enn nokre få treningar gjennom heile sesongen.

NYTT STYRE

Eigil Instebø, André Klingenberg, Stine Natalie Hagenes, Susanna Sturholm

Jobbar med å finne nokon fleire som kan vere med å bidra, mykje har falle på nestleiar og leiar dei siste åra.

FOTBALLGRUPPA

Som i 2022 har vi hatt problem med å stille lag i dei eldre klassane. G15/17 samarbeidslaget med Eikefjorden måtte gje seg etter sommarferien pga at mange slutta. J13/14 vart difor det eldste laget vi stilte med i seriespel. Eit lyspunkt at J12 stilte eige lag i sin klasse.

Det positive er at rekrutteringa frå miniputt ser bra ut der vi stilte med 13 lag i Konglerike-turneringane. I tillegg stilte J9 også i seriespel. Også positivt at damelaget fortsatt kunne stille lag i 4.div.

På herresida vart det nok ein gong 2.plass i 6.div etter Anga, men stemninga og trivselen i gruppa er god.

Styret i 2023 har vore: Leiar Bjørn-Ole Hjørnevik, Nestleiar Sven Carlsen, Kasserar Gunnar Naustdal, Medlem Frank Cirotzki, Medlem Andrine Mandelid Horstad, Medlem Camilla Søvig

Styret har hatt fire styremøter i tillegg til diverse planleggingsmøter i forbindelse med konglerike-turneringa. I tillegg har vi vore representerte på møter i hovudlaget som vi har fått innkalling til.

MINIPUTT 6-9 ÅR (2013-2016)

I 2023 har det vore kjekke treningsøker og turneringar for dei yngste laga i barnefotballen. Mandagane har heile bana vore i bruk med jente og guttelag fra 6 år og opptil 9 år. Engasjerte og flinke trenarar som er grunnen til at vi har fotballtilbod for barn og unge i Tambarskjelvar. Vi er heldige i Naustdal!

Det vart arrangert Konglerike-turneringar 7.mai (Naustdal), 11.juni (Florø), 27.august (Førde) og 17. september (Jølster). Der deltok Tambar med 13 lag.

I tillegg stilte J9 i seriespel.

Trenarar, lagleiarar:

Gutar/Jenter 6 (2017)

Trenar: Katrine Frammarsvik

Gutar 7 (2016)

Trenar: Andre Klingenberg

Jenter 7/8 (2016/2015):

Trenarar: Daniel Einen og Camilla Søvig

Gutar 8 (2015):

Trenarar: Terje Birkeland og Kjetil Bolsø

Gutar 9 (2014):

Trenarar: Pål Arve Myklebust og Silje Skilbrei

Oppsummering:

Vi har vore ei veldig stabil gruppe på 16 gutar. Det skal mykje til dersom ein ikkje stiller på trening!
Vi har hatt 1-2 treningar i veka og dei stiller alltid positive og klare.

Vi har delteke med 2 lag på Kongleriket, Bama Cup og seriespel med 5'ar-fotball, i Førde og Florø. Vi vinn litt og taper litt, og vi har det kjekt uansett. Ein del spelarar har teke store steg dette året, så vi mistenker at ein del driv litt egentrening..Neste år vert det 7'ar-fotball, det vert spennande!

Takk til foreldre som stiller på trening, køyring og kiosken!

Nominering til Fair Play-pris: Leif Ludvik Eikås Stuhaug

- Jobbar og spring heile tida, både som utespelar og som keeper. Er flink til å hjelpe til med opprydding på trening. Har knallharde taklingar innimellom, men er alltid fair!

Jenter 9 (2014):

Trenarar: Orhild Gundersen, Geir-Atle Kolstad

Oppsummering:

I fotballåret 2023 har Jenter 2014 deltatt på 6 turneringer. 4 Kongleriket turneringer der vi har stilt med 2 lag hver gang, noe som har gjort til jentene virkelig har måtte stått på :)Vi har og deltatt på Equinor Veslefrikk i Florø og Opus Cup i Førde.I tillegg til alt dette har vi og spelt seriekampar mot Førde Flatene, Førde FBS/Slåtten og Jølster.Jentene har stått på og kjempa, noko som har ført til lagutvikling samt personleg utvikling.

ALDERSBESTEMT SERIESPEL 10-17 ÅR (2005-2013)

Jenter 10 (2013):

Trenar: Silje Skilbrei

Oppsummering:

Vi har vore ca 12 jenter og hatt vår andre seriesesong kor vi har spelt mot Dale, Atløy, Sande, Førde, Eikefjorden og Askvoll. Har også deltatt på kiwi/bama cup i Sogndal, no i høst (21 oktober) med full innsats og seier på Fosshaugane stadion. Stas! Jentene har hatt kjempegod framgang og kosa seg på både heime- og bortebane. Vi gler oss til enda ein ny sesong!

FairPlay-spelaren vår er Sunniva. Ho er alltid i godt og smittande humør! Bidrar med lagånd: heier på og inkluderer alle lagkamerater

Gutar 11 (2012):

Trenar: Arne Nes

Lagleiar: Eileen Asheim Hope Aamodt

Oppsummering:

Gutane har hatt 1 trening i veka gjennom heile året, pluss nokre ekstra økter av og til. Dette er ei treningsvillig gruppe, som også spelar mykje fotball på fritida. Stammen i laget har vore 8 gutar født 2012, og 2 gutar født 2013. Har i tillegg hatt med spelarar frå 2011 på ein del kamper.

Laget har spelt 7ar serie, og var med på Veslefrikk turnering i Florø, Lerum cup i Sogn, samt ein futsal turnering i Eikefjord.

Haustsesongen bar preg av at laget mista ein spelar pga flytting, skader, og anna fråfall. Det var difor litt ekstra arbeid å få stille lag til kampene. Nokre kamper hadde laget kun 1 eller ingen inbyttarar, noko som resulterte i ein del dårlige opplevinga med tanke på resultat.

Etter sesongslutt i haust har gutane fått trene inne med 2011 og 2010, ein gong i veka. Det ser ut til at dei fleste vil vere med også i 2024.

Vi vil gjerne nominere Sigve Galaasen til årets Fair Play. Han er alltid positiv, blid, både på kamp og trening! Han gir alt for laget, og er like positiv og energisk i både i medgang og motgang- gir aldri opp. Tar og gjerne nokre ekstra løp under kamp for å hente ballen til motstandene ved kast eller corner. Sigve er ein ekstremt god representant for Tambarskjelvar

Gutar 12 (+13) (2011+2010)

Trenarar: Rune Solheim, Ørjan Akse, Tormod Baarøy

Lagleiar: Mari Slagstad Aamot

Oppsummering:

Det har vore ei fin gruppe som har vore ivrig på trening og som har vist stor framgang. Vi har stort sett vore mellom 12 og 16 stykker på trening kvar gong. Nokre har komt til og nokre har falt frå iløpet av året. Første år med offside og første år med 9-er fotball har gått over all forventning. Vi har spelt mot lag frå heile Sunnfjord og

stort sett spelt jamt med alle. For første gong var vi og med på Lerum Cup, det var ei oppleving som falt i smak og som frista til gjentaking. Nokre spelarar frå 2010 har hospitert med Førde no i haust og vi har også hatt besøk frå Vegard Savland frå Førde sitt A-lag på trening her i Naustdal. Det har vore inspirerende for både trenarar og spelarar. Fair-play:

vi nominerer Lasse Iversen. Han har vist ein enorm iver for å trene og bli betre dette året. Dette har dratt med seg fleire og ført til at det stadig oftare har vore folk på bana også utanfor treningstid. Han

har gått foran på trening og kamp og vist ei god haldning ovanfor medspelarar og motspelarar. Trøkker til, men viser også omsorg om andre får vondt eller skader seg. Roser entusiastisk medspelarane når dei får til gode handlinger og klager aldri når nokon ikkje lykkast med det dei prøver på. Ein enormt viktig spelar for denne gruppa både på og utanfor bana. Mvh Rune Solheim
Trenar 2010/2011

Jenter 12 (2011)

Trenarar: Charlotte Sægrov, Marie Doreen Thune

Lagleiar: Charlotte Sægrov

Oppsummering

Vi starta med usikkerhet om kullet 2011 kom til og ha eige lag på grunn av mangel på trener osv. Foreldregruppa beslutta at vi skulle ha ei rullering mellom foreldrene på kven som skulle vere trener og Charlotte Sægrov som oppdame. Det fungerte ok i starten, men etter kvart såg vi at dette ikkje var optimalt med tanke på treningsutbytte for jentene. Charlotte og Marie Thune tok på seg trener jobben.

Vi starta med en gjeng på 8 stykk der kun to av jentene hadde spelt fotball før, etter kvart vart vi fleire jenter som aldri hadde vert borti en ball før, dette førte til ei bratt læringskurve for både trenere og spillere. Jentene har stortsett vert positive og læringsvillige samtidig som vi godt merker at hormonene kommer meir og meir fram.

Vi har kun spilt 7 ar fotball mot alle lag. Vi møtte stor motstand i alle laga, men det var tre lag som heldigvis var litt på vårt nivå slik at vi fekk oppleve og nesten vinne og faktisk vinne ein kamp. Det hadde stor betydning for jenten sin mestrings opplevelse. Det endte med at trener måtte hoppe i vatne som premie for laget, det førte til stor glede og morro i laget.

Fotballen har vert ein god arena for jentene og bygge bedre relasjonar på tvers av klassene noe som faktisk blei bemerkta som ein positiv ting på foreldremøte av ulike foreldre.

Vi har opplevd ulike samarbeid med dei andre i vår «liga», nokon litt fortvilandes med tanke på rettferdig spill, men fleste parten som hyggelige og greie.

Vi har deltatt på ei turnering i Florø og ei i Sogndal, dette har vert veldig kjekt for jentene og god trening og øving for vidare utvikling.

Enkelt og grett oppsummert har vi hatt en fin og læringsrik sesong i lag med 2011 kullet. Vi er glad for at jentene har blitt fleire sjølv om nokre har gitt seg no når vi har starta på 2024.

Charlotte Sægrov og Marie Doreen Thune

Jenter 13 (2010)

Trenarar: Arnt Willy Nesbø, Are Iversen

Lagleiar: Vegard Gillestad

Oppsummering:

Jentene starta året med å trene inne ein gang i veka. Før sesongstart gjekk vi over til to utetreningar i veka. Dei deltok i år i seriespel for J13/14 (født. 2009 og 2010). Frå starten av var det med 11 jenter født i 2010. Ingen jenter med frå 2009. Med andre ord var i eit reint 13-års lag. I og med at dei andre laga hadde ei blanding av 13 og 14 åringar, og nokre lag kun 14 åringar, førebudde vi jentene på ein tøff sesong. Fram mot sommaren fekk vi rekruttert/overtalt tre 14 åringar i Tambarskjelvar til å bli med oss. Desse gav seg dessverre etter sommarferien, og i tillegg gav ei av 13-åringane seg. Vårsesongen spelte vi mest 9'ar fotball, medan på hausten spelte vi 7'ar fotball grunna nevnte forfall. Det blei mange tøffe kampar, både før og etter sommaren, men vi spelte jamnt med dei fleste lag likevel. Etter sesongen vart det innetrening to gangar i veka og vi var med på to futsalturneringar. På nyåret var vi med på KM kvalikk på Sande der vi var eit stolpeskudd frå avansement.

No ser vi fram mot sesongen 2024, der er vi meldt på Norway Cup til sommaren. Så alle jentene er motivert for å få ein god sesong. Arnt Willy Nesbø og Vegard Gillestad

Årets spelar:

Årets spelar har vist stor framgang sportsleg dette året. Stiller alltid på trening. Innsatsen hennes smittar over på alle andre spelarar. Ho gjer alltid alt på trening og i kamp. Er også med å dømmer kampar i lavare aldersgrupper. Årets spelar er: Lilje Myrvang Røyseth

Årets fairplay pris:

Spelaren viser alltid gode haldningar på både trening og i kamp. Går foran som eit godt eksempel for dei andre spelarane. Støtter opp om medspelarar og er kaptein for laget. Skryter av medspelarar og viser seg frå ei god side sjølv i motgang. Vi nominerer Alice Storhaug Klopstad (J2010) til Årets Fairplay pris.

Gutar 15/16 (samarbeidslag med Eikefjord, 2007+2008)

Trenarar: Erling Austreim

Lagleiar: Alexis Thingnes

Oppsummering:

Vi hadde som i fjor eit samarbeidslag med Eikefjord i G15-17-klassen. I løpet av sommarferien kom det fram at det ikkje var nok spelarar til å fortsette, så laget vart trekt i haustsesongen.

SENIOR

Senior damer

Trenar: Oddvar Hukset

Lagleiar: Camilla Søvig

Oppsummering:

Vi spelte vårsesong med Dale, Jølster og Tempo. Doble kampar laurdag eller søndag, og eit lag stod over kvar si helg. Vi starta bra, men presterte dårlegare etterkvart, (eller dei andre laga vart betre). Fråfall i troppa pga skade, og flytting etter sommaren, gav nye utfordringar.

Haut: Jølster gjekk til avd.1 og Eid spelte mot oss etter trekk av 11-ar lag.

Vi klarte å hevde oss når vi hadde ok mannskap, men fekk nokre slitekampar. Siste kamphelg deltok ikkje vi, og rekna med å innta jumboplass på tabell. Overraskande nok berga vi 3.plass på målforskjel, med eit mål...

Deltok på juleturneringar, berre for moro.

Senior herrer

Trenarar: Thomas Rognsø, Martin Hjørnevik Kibsgaard, Henrik Hundershagen

Lagleiar: Bjørn-Ole Hjørnevik

Oppsummering:

Tambar stilte i 2023 i 6.div i pulje med Anga, Tempo, Florø 3 og Førdestudentane. Som i 2022 enda vi til slutt på ein sterk andre plass bak Anga. Spelargruppa har vore stabil, og oppmøte har vore jamnt bra.

Årets spelar vart Martin Hjørnevik Kibsgaard, kåra av spelarane.

DOMMARAR

Vi har brukt våre eigne klubbdommarar som dommarar i seriekampane på Naustdal stadion. Spesielt Christer Dyngen har dømt mykje i år, så stor takk til han! Vi ser eit stort behov for å rekruttere fleire dommarar. 7 jenter frå J2010 dømt litt på slutten av sesongen, og vi håpar å få endå fleire i gang i 2024.

KONGLERIKE-TURNERING

Tambar Fotball kunne ikkje bli heldigare med været då årets første Kongleriket Turnering vart arrangert på Naustdal stadion søndag 7.mai der over 100 lag deltok. Med knall sol frå skyfri himmel vart det totalt spelt fleire hundre kampar i løpet av søndagen, og alle jentene og gutane fekk ein velfortjent medalje for god innsats etter kampane sine.

God innsats var det også på dei ti klubbdommarane til Tambar Fotball, som hadde full kontroll på kampane gjennom heile dagen. Også foreldre og føresette gjorde ein ein framifrå jobb i kiosken og salsteltet på stadion, der det var kø stort sett heile dagen.

Tambar Fotball takker laga frå Eikefjord, Florø, Førde og Jølster for deltakinga på Kongleriketurneringa i Naustdal!



FOTBALLFEST

Vi arrangerte fotballfest for alle frå 9 år og oppover i auditoriet på skulen onsdag 29.november. Vi hadde der loddsalg og premieutdeling. Coop sponsa oss med brus og pølser, og spelarane hadde med sjokoladekaker, kaffi og premiar til loddsalg.

Følgjande personar vart heidra:

Årets dommar

Har dømt mange kampar i år, og er rolig og stødig sjølv om det stormar litt rundt han.

Årets dommar: **Christer Dyngen**

Årets Fair Play

Begrunning fair play: Spelaren viser alltid gode haldningar på både trening og i kamp. Går foran som eit godt eksempel for dei andre spelarane. Støtter opp om medspelarar og er kaptein for laget. Skryter av medspelarar og viser seg frå ei god side sjølv i motgang.

Årets Fair Play pris går til: **Alice Storhaug Klopstad**

Årets hederspris

Hedersprisen er en ærespris som i år deles ut til en person som har utrettet stort engasjement for fotballen i Tambarskjelvar. Han har gått gradene fra aldersbestemt til A-Lag. Tok på seg trenerverv før fylte 18-år, da guttelaget sto uten trener og lagleder.

Etter en liten pause, med utdanning og familienstifting – var det inn som dugnadsmann i Tambarskjelvar. Har i løpet av de siste 20-åra hatt ulike roller, og gladelig stilt opp der det var behov. Flink til å ta på seg ansvar, ryddig og særdeles lett å samarbeide med. Han har i tillegg fungert som en meget god rollemodell og vært pådriver for å lage gode/trygge miljø. Vi i Styret er prisgitt den jobben og den tida han har lagt ned og kan gratulere Alexis Thingnes med årets hederspris 2023.

Årets hederspris: **Alexis Thingnes**

Blomst til trenar/lagleiar som sluttar:

Arne Nes, trenar G11

KIOSK

Hanne Marie Fitje har hatt ansvar for kiosken. Ho har gjort ein flott jobb, og hatt god kontroll på innkjøp osv. Kiosken har ellers vore open under alle kampane på aldersbestemt nivå.

KRETSTING

Kretstingen vart avheldd på Sunnfjord Hotell helga 25-26 november. Bjørn-Ole deltok på dagtid laurdag. På festmiddagen om kvelden deltok Bjørn-Ole og Gunnar frå styret. Dei hadde der med seg Oddvar Hukset som vart tildelt Blå Diplom for lang og tru teneste.

Begrunnelse for tildeling: Trente -99 gutane frå 2005. Tok dei fleste delkurser dei åra til 2011. Har trent laget til dattera heilt frå starten i 2011 og fram til i dag (4.div 7ar).Har vore anleggsleiar på stadion ved legging av kunstgrasdekke 2 gonger, samt dekke på løpebane ein gong.

ØKONOMI

Fotballgruppa har ein god økonomistyring og vi har fortsatt moderate treningsavgifter for alle laga i fotballgruppa. Kasserar gjennom ei årrekke, Gunnar Naustdal, er som alltid ryddig og syter for at vi har orden på økonomien.

Naustdal, 03.03.2024

Bjørn-Ole Hjørnevik, leiar

Nytt styre i 2024:

Bjørn-Ole Hjørnevik, leiar

Sven Harald Carlsen, nestleiar

Gunnar Naustdal, styremedlem, kasserar

Frank Cirotzki, styremedlem

Katrine Frammarsvik, styremedlem

Stine Natalie Hagenes, styremedlem.



AKTIVITETSKALENDER 2024

Januar

- Idrettsregistrering
- Påmelding – Seiespel senior 15.jan
- Lagleiarmøte NFF Sogn og Fjordane damer 4.div. 29.jan
- Lagleiarmøte NFF Sogn og Fjordane menn 6.div 31.jan

Februar

- Påmelding - Alle aldersfastlagde lag 1.februar
- Lagleiarmøte NFF Sogn og Fjordane 13-14 år 7.feb
- Lagleiarmøte NFF Sogn og Fjordane 10-12 år 12.feb
- Lagleiarmøte 6.div menn 13.feb
- Årsmøte 23.feb
- Lagleiarmøte 13-17 år 27.feb
- Trenarkabal

Mars

- Påmelding kongleriket miniputt 6-9 år og seriespel 9 år 1.mars
- Årsmelding
- Årsmøte 5.mars
- Gjennomgang av ballar, drakter og anna utstyr
- Oppsett av treningstider
- Omberammingsfrist
- Dommarkabal (vente til terminlista er sett)
- Møte med trenarar og kontaktpersonar, gjennomgang treningstider

April

- Kick-off Kongleriket på Teams (NFF Sogn og Fjordane) 4.april
- Utsending av invitasjon til 6-åringane veke 12
- Oppstart utetrening 10-14 år tysdag 2.april
- Oppstart 6-år måndag 8.april
- Seriestart senior menn 30.04

Mai

- Seriestart senior 2.mai
- Kongleriket-turnering 5.mai

Juni

- Kongleriket-turnering 9.juni

August

September

- Kongleriket-turnering 1.september
- Kongleriket-turnering 22.september

November

- Oppsummering av sesongen
- Miljøhelg NFF Sogn og Fjordane (fotballkretsen) 30.nov-1.des Førde

Desember

- Fotballfest

FRIIDRETT

Leiar Katarine Skagestad Kleppe, Nestleiar Steinar Kleppe, Kasserar Eigil Instebø, Styremedlem Kenneth Nøstdal og Jan Magne Åsnes.

TRENINGAR

Mandagar kl. 20-22 i hallen for ungdomar / vaksne i vinterhalvåret, og trim/fjellturar i sommarhalvåret. Det er alltid plass til fleire på desse treningane, og spesielt utomhus er det ubegrensa med plass og kjekt om fleire stiller.

Onsdagar kl. 17.30-18.30. Ute på hausten, og inne vinterhalvåret. Frå 4.klasse og oppover. Innlæring i teknikk og prestasjon i løp, hopp og kast.

Torsdagar kl. 18.30-20. Først utandørs ein halv time før treninga er innandørs. Utøvarane på denne treninga har tidlegare år vore frå ungdomskulealder. Det har av ukjent grunn vore dårleg oppmøte på desse øktene denne hausten.

UTDANNING

Ingen trenarar har gjennomført trenarkurs dette året.

AKTIVITETAR

Friidrettsgruppa organiserer treningar for eit stort aldersspenn i befolkninga.

Vi har treningar for barn frå fjerde klasse og oppover som ynskjer å utvikle seg og prestere godt i ei eller fleire av greinene i friidrett løp, hopp og kast. Det har vore ei stabil gruppe på rundt 10 utøvarar på kvar trening.

Vidare har friidrettsgruppa treningar for ungdomar som ynskjer allsidig trening for heile kroppen. Denne treninga har det blitt mindre oppslutning om utover året, og tilbudet fall vekk på hausten 2023. Takk til Jan Magne og Edit som har halde dette tilbudet gåande i mange år! Gruppa organiserer også treningar for vaksne som ynskjer allsidig trening for betre helse.

Framover får vi vurdere om treningane for dei eldre (mandagar) skal fortsette å vere ein del av friidrettsgruppa eller om det bør vere ei eiga trimgruppe.

ARRANGEMENT

Barn og unge har deltatt på friidrettsstemne i nærområdet; Skei, Førde og Florø hovudsakleg. Neste år vil det også bli aktuelt å delta på stemner i t.d. Gloppen. Det er også ynskjeleg å arrangere egne lokale stemner i Naustdal.

Det vart ikkje arrangert førjulsstemne inne i hallen dette året. Sist år vart det ein stor suksess med avsluttande nissegraut etter nissemarsjen. Dette må vi gjenoppta i 2024 og samkøyre arrangementa.

UTSTYR/STØNAD

Amedia / Gjensidigestiftinga godkjente bruken av den økonomiske støtta på 15000 kr til fotocelleutstyr, sjølv om det vart søkt om diverse anna utstyr retta til friidrettstreningar. Grunnen til omdisponeringa av midlane var at vi i fjor fekk innvilga ein stor utstyrspakke frå friidrettsforbundet på akkurat det utstyret vi søkte Amedia / Gjensidigestiftinga om. Dermed har vi bra med utstyr til å arrangere gode treningar utandørs og innandørs.

ØKONOMI

Det har ikkje i 2023 blitt fakturert treningsavgift frå barna på friidrettstreningane. Hovudgrunnen er at det har vore få på trening og vi ynskjer å bygge eit godt miljø med fleire utøvarar, og at terskelen for deltaking då ikkje skal ha økonomiske hinder. Får vurdere for 2024 korleis dette skal gjerast.

Treningsavgift kr 400 for barn under 16 år og kr 600 for dei over 17 år.

NYTT STYRE

Som for år 2023, men omrokking av rollar der Eigil Instebo går inn som leiar.

TRIATLON OG SYKKEL

Styret har i 2023 bestått av:

Steffen Stuhaug (Leiar)
Stig Savland (Nestleiar)
Vidar Slettehaug (Styremedlem)
Are Iversen (Styremedlem)

MEDLEMMAR

Grappa har i 2023 hatt 27 registrerte medlemmar. 3 av medlemmane er under 18 år.

Har ikkje vore fakturert treningsavgift i 2023, for å unngå å miste medlemmer og grappa har god økonomi.

ØKONOMI

Grappa har ein sunn økonomi. Aktivitetsmidlar frå hovudlaget er største inntektspost . Største kostnadspost er kontingentar til Norges Sykkelforbund. Rekneskapet er ikkje endelig pr. 05.03.24, men skal vere overskot.

TRENING

Aktiviteten i grappa har vore sterkt prega etter Covid-19, har vore vanskelig å få i gang aktiviteten igjen. Mange har funnet andre aktiviteter, eller trener på eige regi. Klubben hadde OK oppslutning fram mot Sunnfjord triatlon, men etter sommarferien var det lite aktivitet. Spinning uteblei også 2023/2024 sesongen, pga kommunehuset er under ombygging og det ikkje er lokal spinningssal i Naustdal.

KONKURRANSAR

Konkurransaktiviteten har var Sunnfjord triatlon der flest deltok. Andre arrangement medlemmer har vore med på er Ironman Coopenhagen, Bergen City maraton mf.

Samt klubben arrangerte «Kringla Opp» med 9 deltakarar på sykkeldel, og 12 deltakarar på løpedel. Vi hadde også planer om «Ramsdalsheia Opp», men denne blei avlyst pga haust og lite oppslutning.

Stig Savland har kurset seg til å kunne vere instruktør under «sykkelvakt kurs» og vi kan derfor bidra for å kurse vakter både i eigen klubb og i andre klubber for å få opp aktivitetsnivået lokalt.

ANNA AKTIVITET

Steffen Stuhaug ved med på å arrangere Sunnfjord triatlon igjen, og hadde sentrale roller i komitéen for å få arrangert dette i 2023. samt fleire andre i styret bidrog under arrangementet.

Styret held fram i 2024.

UTVIKLINGSPLAN 2024

Generelt

- Utvikle eit godt og inkluderande miljø som inspirerer til trening og deltaking i konkurransar for både barn og vaksne.
- Samarbeide med det øvrige sykkel- og triatlonmiljøet i Sunnfjord om trening og konkurransar.

Treningstilbod

- Oppretthalde og utvikle dagens treningstilbod.
 - Fast tysdagstrening gjennom året, satse på å få i gang spinning igjen haust 2024 gjennom 2023/2025 sesongen.
 - Auke aktiviteten i klubben, med treningar andre dager når været tillèt det sommarstid
 - Oppfordre medlemmane til eigentrening.
 - Auke tilbodet på løpetrening i gruppa enten i eigen regi eller gjennom samarbeid med andre grupper i Tambar skjelvar IL.
 - Fortsette med årshjulet med 2 treningar vår og 2 treningar haust for Idrettskulen (2-5 klasse)
- Lage eit treningsopplegg fram mot Sunnfjord triatlon 2024
 - Få med alle, sjølv om enn ikkje er medlem av gruppa.
 - Ha treningar med fokus på alt som enn bør trene på mot ein triatlon konkurranse
 - Mål om å få fleire deltakarar, fokus på å få med både vaksne og barn.

Ungdomsgruppe

- Jobbe vidare for å etablere eiga ungdomsgruppe med formål å styrke arbeidet rundt tilbodet til barn og unge i gruppa.
- Få samarbeid med andre sykkel/triatlon miljø for å skape større interesse og oppslutnad for idretten.
- Zwift konkurransar/treningar, der medlemmane i triatlongruppa Naustdal og andre grupper kan konkurrere.

Konkurransar

- Informere om aktuelle konkurransar som medlemmane kan delta på og legge til rette for felles opplegg knytt til reise og opphald til konkurransar.
- Gjennomføre lågterskelkonkurransar for både born og vaksne i Naustdal/Sunnfjord.
 - Søke om å arrangere «Kringla opp» høst 2024. duatlon/eller enkeltvis.
 - Søke om å arrangere sykkelritt «Ramsdalsheia opp» Høst 2024.

Kurs

- Sende medlemmar på kurs i regi av NTF og NCF for å auke kompetansen i klubben på trening. Kursaktiviteten skal hovudsakeleg rettast mot kurs som gir kompetanse på å trene barn og unge.

SKI- OG ORIENTERINGSGRUPPA

Styret har i 2023 vore:

Åsmund Berthelsen (leiar og kasserar), Torgeir Herstad, Borgny Hatleset, Torgeir Fauske, Norid Linda Smådal, Norvvald Ospehaug og Stian Sølvberg.

Gruppa har hatt eit styremøte etter årsmøte. Elles har styret hatt kontakt via messenger og meldingar.

SKI

Snoen la seg tidleg i desember 2023 og vi fekk gode løyper falt ør nyttår. Dei fyrste fjorten dagane av 2024 var det flotte forhold. Vi fekk gjennomført både skiskule og karusellrenn dei to vekene det varte, med nesten 50 deltakarar både på skiskule og karusellrenn. Så kom ein periode med regn, og vi måtte avlyse to renn. Det eine tok vi att veka etter og arrangerte langrennskross ein laurdag. Planen er å gjennomføre åtte renn før avslutning onsdag 20.mars. Alle får deltakarpremie, og det vert pokalstorleik etter kor mange renn dei har delteke i. Vi har ikkje eksakt statistikk, men inntrykket er at interessa og oppslutninga er større enn tidlegare år. Framleis litt få med mellom av dei frå 12 år og oppover.

Gruppa var også med å arrangere Vinterveka 2024 der det var med 45 med ein eller fleire dagar. Under vinterveka var det tilbod om hopp under leiging av Nils Olav Kongsvik frå Førde. Mange prøvde, og det vart gjennomført mange hopp denne dagen. Er tydeleg nteresse for hopp. Dette må vi prøve å følgje opp og få ein eller fleire til å ta eit ansvar.

Gruppa har tre par hoppski og har lånt nokre frå skikrinsen.

Åsmunds skiskule har aktivitet i anlegget kvar måndag. På første skiskulen var det med over 60 ungar i alderen frå 3-4 år til 12-13 år. Skiskulen er eit samarbeid mellom Åsmund skiskule og barneidretten/idrettsskulen, og det er eit gratisopplegg.

I 2023 arrangerte gruppa åtte karusellrenn med deltakartal frå litt under 30 til opp mot 50. Dei fleste karusellrenna gjekk på kveldstid på kvardagar og eit par på laurdag/sundag. Det er med deltakarar frå 4-5 år og opp til 14 år. Og også eit par over 15 år. Instiaden vart arrangert i 2023 med god deltaking og stor aktivitet. I 2024 planlegg vi å ha Instiaden sundag 3.mars med same opplegg som tidlegare år.

ORIENTERING

Det vart arrangert både stolpejakt og turorientering sommaren 2023. Vi slo saman dei to og hadde felles postar. Det vart lagt ut postar og sett opp stolpar i tre område, Instedalen skianlegg, Kallandsåsen og Naustdal rundt Øyra/Løken – Grimseth – Naustdalslia – Sanden)Det var ikkje mange som prøvde tur-orientering, medan det vart registrert 368 stolpejagarar som i snitt vitja 14 av dei 60 stolpane. Til saman var det 5340 stolpebesøk i løpet av sesongen. Ein dag var 20 som gjekk. Mange av dei som går stolpejakt kjem frå andre kantar av landet. Dei er på ferie her eller har hytte/slekt i Naustdal eller i nærleiken.

Gruppa arrangerte eit nærløp i samarbeid med Førde i Helgåsmarka.

BARNEIDRETTE - IDRETTSSKULEN

Ski- og o-gruppa har orientering på idrettsskulen eit par-tre gonger om våren i mai måned og i september. Det er varierende oppslutning., med mellom 20 og 30 på det meste. Det er lagt opp med allidrett der ungane kan gjere det dei har lyst til å gjere.

På natt-orienteringa som gruppa har saman med Barnas turlag fyrste måndagen etter at klokka er stilt i oktober/november var det god oppslutnad også i 2023. Det er alltid med mange på dette. Det er alltid mange med på å finne postar i Øyra Løken-området etter at det har vorte mørkt.

O-LØP NÅR DET PASSAR

Norvald Ospehaug sette også i 2023 ut postar og la kart i ei plastkasse. Her kunne folk ta kart og springe når dei ville. Fleire nytta seg av tilbodet. Om det ikkje passar å delta på treningsløp eller nærløp på faste tider, er dette eit godt alternativ for dei som vil bruke skogen for å trene, både kroppen og hjernen.

KM mellomdistanse og Haustbløyta vart arrangert i Åsedalen/Helgåsmarka helga 19.-20.august. Norvald Ospehaug gjorde det meste av jobben med arrangementa med postane og karta – og tidtakinga.

To-tre frå Tambarskjelvar gjorde nesten alt arbeidet. Det deltok 30-35 frå ulike delar av fylket, og flest frå Førde.

ØKONOMI

Rekneskapen syner eit underskot på 15000. Det er ein god del mindre enn i 2023 då det var 70.000. Dei viktigaste inntektene er aktivitetsmidlar som vi får via hovudlaget, startkontingentar både på ski og orientering, og refusjon for stolpejakta. Stolpejakta kostar oss ganske mykje likevel. Der er vi avhengig av ein eller to sponsorar for å kunne halde fram. Nettoutgift for stolpejakta er på nesten 20.000 kr. Ein god del er mva, men denne går til hovudlaget som beheld den.

Dei viktigaste utgiftene er støtte til drift av skianlegget. I 2023 betalte vi 20.000 kr. Andre utgifter er til premiar for karusellrenna og startkontingentar for dei som deltek på på o-løp andre stader.

Gruppa har pr. 31.12.23 om lag 115.000 kr på konto.

VURDERING

Gruppa har hatt eit aktivt år med fleire og varierte aktivitetar for ski- og orienteringsinteresserte i Naustdal, særleg på ski for dei yngste i laget. Det er god oppslutning om aktivitetane, både stolpejakt, tur-orientering, skiskule, Instiade og Vinterveke. I orientering har gruppa også hatt arrangement for deltakarar utanfrå og eit par tre har deltek på o-løp andre stader i fylket og i landet.

Å få fleire til å vere fysisk aktive på ski og med orientering er og må vere hovudmålet for gruppa. Men vi bør også gje eit tilbod til dei som vil drive med desse idrettane vidare. Då er vi avhengige av å ha nokon som vil organisere og leie treningar – og vi må ha foreldre som er interessert i å støtte.

Økonomisk er gruppa godt på plussida og har litt økonomi til å satse på det som er nemnt over. Det er avgjerande for gruppa sin aktivitet er likevel at drifta av skianlegget går bra og at anlegget vert utvikla og er i god stand gjennom heile vinteren.

25.2.2024

Åsmund Berthelsen (styreleiar og kasserar)

ARBEIDSPLAN 2024

Vedteke på årsmøte 27.februar 2024

Orientering – sommaren/hausten 2024:

1. Orientering når det passar. Vi prøver endå ein gong med å legge kart Kart med løyper som ligg i plastkasse: Ansvarleg: Norvald
2. To-tre økter med orientering på idrettsskulen vår og haust. Ansvarleg: Åsmund og Norvald
3. Kombinert stolpejakt og turorientering. Ansvarleg: Åsmund
4. Verdas o-dag – samarbeide med trim-gruppa, friidrettsgruppa – mogleg dato 21.mai.
5. Nærløp i samarbeid med Førde -15.mai: Ansvarleg: Norvald
6. KM Natt og Haustbløyta: 21. og 22. september: Ansvarlege: Norvald, Jan H. og Olav H.
7. Kontakte Naustdal skule om ein o-dag for skulen. Ansvarleg: Åsmund
8. Ein prøver å få til felles informasjon via kommunen til grunneigararar om o-løp/stolpejakt

Ski – vinteren 2024/25

Åsmunds skiskule kvar måndag , januar – mars (i samarbeid med barneidrettsgruppa): Ansvarleg: Åsmund

Åtte karusellrenn på onsdagar frå 1.januar til 1.april Ansvarleg: Gruppestyret

Vinterveke (vinterferieveka – nr. 8) (Samarbeid Barnas turlag, barneidrettsgruppa): Ansvarleg: Åsmund

Instiaden søndag 2.mars. Samarbeid barneidrettsgruppa, trimgruppa, dalen tur og trimlag Von 4H. Ansvarleg: Åsmund

Hopp- og langrennstrening: Finne trenar.

Kostnader : Bruk av skianlegget: 2500 kr kvar gong – 8 gonger = 20.000 kr

Inntekter: Startkontingent ski – 30 kr pr renn – ikkje årskort.

Betaling tur-orientering via tur-orientering.no. 50,- kr pr. kart betale via nettet.

Stolpejakt er gratis, men må skaffe lokal sponsor for å gjennomføre.

TRIMGRUPPA

Styret i 2023 har vore:

Leiar Borgny Hynne Hatleset

Kasserar Ingunn Slettehaug

Styremedlem Siri Horstad Johannessen

Styremedlem Jannicke Juvik

Møter: Det vart halde 4 styremøter i 2023, samt kommunikasjon på messenger/facebook og epost.

AKTIVITET

Treningsåret 2023 starta med innetrening 3 gonger per veke fram til midten av mai. Fram til midten av mai kunne vi då by på 1-2 treningar utendørs per veke. Hausten 2023 blei basisballtreningane vi har hatt på torsdagane erstatta med funksjonell trening. Vi har solgt basisballane til privatpersonar, og investert i manualar, whiteboards og treningsklokke til bruk på desse timane. Manualane blir også tatt i bruk av Tambartrim, som har trening måndagar kl 20.

Februar 2023 arrangerte vi superlaurdag. Vi hadde to økter: funksjonell trening og zumba. Vi hadde rundt 30 påmelde, og det blei ein kjekk og sveitt start på laurdagen!

Oversikt over innetreningar frå hausten 2023:

- Måndagar 20-21: styrke/intervall (Anne Mortensbakke Solheim)
- Onsdagar 20-21: kondis/flyt (Eilin Helgås Aase)
- Torsdagar 19-20 / 18-20: Funksjonell trening (Torunn Solheim og Borgny H. Hatleset)

STYRET 2024

Vi held stand inntil vidare.

Borgny Hatleset (leiar)

Ingunn Slettehaug (kasserar)

Siri Horstad Johannessen (Styremedlem)

Jannicke Juvik (Styremedlem)

ARBEIDSPLAN 2024

1. Halde fram med tre treningar i veka.
2. Arrangere Superlaurdag februar 2024.
3. Auke treningsavgifta, sannsynlegvis til 1200 kr per år, for å dekke utgifter.
4. Behalde og samhandle med dei gode trenarane våre. Godtgjersle, tilbod om kurs og utstyr.

VEKTLØFTARGRUPPA

Sølv til Ine i støyt på EM Senior og Kongepokal på NM senior, gull og sølv til Ragnar i EM U 23



2023 har vore eit godt år for vektlyftargruppa. På topp har vi Ine Andersson og Ragnar Holme med medaljar i EM. Vidare fleire gull på Nordisk Meisterskap og fleire NM medaljar både i senior og aldersbestemte klassar. Dette er noko av det som vektlyftargruppa har fått til i 2023.

ORGANISASJON

Styret består av 5 medlemmar og eitt varamedlem, og fekk på årsmøtet den 01.02.23 denne samansetjinga:

Leiar:	Ove Varlid, vald for 1 år
Nestleiar:	Lone Kalland, ikkje på val
Kasserar:	Jantsen Øverås, vald for 2 år
Styremedlem:	Tore Gjøringbø, vald for 2 år
Styremedlem:	Jørn Helgheim, vald for 2 år
Vara:	Inge Svorstøl, vald for 1 år

Utanom leiaren vart resten av styret konstituert på fyrste styremøtet etter årsmøtet den 28.02.23.

ADMINISTRATIVT ARBEID

Styret har hatt 13 møter og handsama 108 saker.

Styret har hatt følgende arbeidsfordeling:

Leiar - Ove

- Kalle inn til styremøter, samt lage sakliste
- Påmelding til stemner og tinge rom til overnatting
- Halde kontakt med hovudlaget, og møte når gruppene vert kalla inn
- Ta det som måtte dukke opp

Nestleiar og skrivar – Lone

- Skrive referat frå møte og årsmøte
- Utdeling av klede
- Informasjon på klubben sine kanalar, som t.d. Facebook
- Idrettsskulen
- Kalendar
- Tek tak i saker som kjem opp

Økonomiansvarleg – Jantsen

- Inn- og utbetalningar

Styremedlem – Tore

- Ansvar for klubbstemna, herunder stemneprotokollar, skaffe dommarar og skivepåleggjarar
- Rapportere resultat til dei ulike lagseriane
- Syte for at utøvarane har resultat i perioden

Styremedlem – Jørn

- Fakturering av treningsavgift og utdeling av nøkkelbrikker

Varamedlem – Inge

- Har møtt på mange av styremøta og bidrege i drøfting av årets mange saker

Andre

- Geir Grønnevik har arbeidd med å skaffe sponsorar til klubben for perioda 2024-2026

Valnemd oppnemd av styret:

Steinar Kvame, Ine Andersson og Runar Hovland.

ØKONOMI

Vi har hatt god økonomi, og prøvar å halde styring og kontroll på den. Sponsor-kontraktane for perioda 2021-2023 har no gått ut. Geir Grønnevik har på ny gjort ein kjempejobb med å skaffe gruppa sponsorar. Mange av dei vi hadde førre periode er med for 3 nye år, og nokre nye er komne til. Dette har lagt grunnlaget for at gruppa bør kunne ha god økonomi for den komande treårs-perioden.



TRENARAR

Vi har gode trenarar som har ansvar for ulike grupper. Nestor er Gunnar Reiakvam som har gjort ein stor jobb som trenar i ein mannsalder. Gunnar har ansvar for ei stor gruppe ungdommar tre økter i veka, og får no ei lita løn for arbeidet. Håvar og Odd Gunnar Røyseth er også trenarar med viktige bidrag til gruppa. Dei har treningar 4-5 gonger i veka med resten av troppen, der dei fleste er litt eldre utøvarar.

Tilstrøyminga av unge som vil trene vektlyfting er god, så vi har utfordringar med nok trenarkapasitet, plass og tid.

SPORTSLEG AKTIVITET 2023

NM Senior, Trondheim 4-5. mars

Kongepokal til Ragnar og 4 gullmedaljar:

Ine Andersson	-64 kg	89 + 118 = 207 kg
Marit Årdalsbakke	-71 kg	90 + 111 = 201 kg
Lone Kalland	-81 kg	83 + 111 = 194 kg
Ragnar Holme	+109 kg	158 + 180 = 338 kg

1 Bronse:

Tine R. Pedersen	-76 kg	84 + 104 = 192 kg
------------------	--------	-------------------

Håvar Røyseth og Jantsen Øverås var med som trenarar, Steinar Kvame som dommar.



EM Senior, Yerevan Armenia 15-23. april
3 Deltakere frå Tambarskjelvar:

Ine Andersson -64 kg 91 + 121 = 212 kg

Dette gav 7.plass i rykk, 2.plass i støt og 5.plass samanlagt

Marit Årdalsbakke -64 kg 89 + 104 = 193 kg

Dette gav 10.plass i rykk, 15.plass i støt og 13.plass samanlagt

Ragnar Holme +109 kg 165 + 200 = 365 kg

Dette gav 9.plass i rykk, 10.plass i støt og 9.plass samanlagt



NM Junior, Tysvær 22. april

1 Gull:

Kristen Røyseth -89 kg 107 + 136 = 243 kg

3 Sølv:

Tine R. Pedersen -76 kg 83 + 96 = 179 kg

Erik Orasmäe -61 kg 58 + 71 = 129 kg

Jakub Kudyba -96 kg 84 + 102 = 186 kg

1 bronse:

Aksel Svorstøl -73 kg 83 + 103 = 186 kg



Junior NM var også Lag NM for den aldersgruppa.

Gutane våre kom på 2 plass, og jentene kom på 3 plass.

Teljande på laga var:

Gutar: Aksel Svorstøl, Erik Orasmäe, Olai Aamot og Kristen Røyseth.
Jenter: Mariell Endestad Hellevang, Tine R. Pedersen og Trine Endestad Hellevang.
Ove og Gunnar var med som trenarar.

EM Ungdom, Chisinau Moldova 2-10. juli

Ein deltakar frå Tambarskjelvar:

Mariell Endestad Hellevang -76kg 64 + 78 = 142 kg
Dette gav 5 plass i rykk, 4.plass i støt og 4 plass samanlagt

Trenar var Gunnar Reiakvam.



EM Junior og U23, Bucharest Romania 26. juli - 3. august

To deltakar frå Tambarskjelvar:

Tine Rognaldsen Pedersen -76 kg
Uplassert då ho ikkje fekk resultat i rykk.

Ragnar Holme +109 kg 160 + 204 = 364 kg
Dette gav 4. plass i rykk, 1.plass i støt og 2.plass samanlagt for U23.

Håvar Røyseth var med som trenar.



NM 5-kamp, Trondheim. 16-17. september

Femkampen har, i tillegg til dei to vektlyftarøvingane rykk og støt, 40 m sprint med liggande start, stille lengde med tre jamsides hopp, og baklengs kulekast (liakov). Det er ikkje vektklassar i 5-kamp, men utøvarane konkurrerer på poeng og er delt inn etter alder slik: 13-14 år, 15-16 år, 17-18 år, 19-23 år, 24-34 år og +34 år.



Våre utøvarar tok 7 medaljar.

Gull til:

Lyder Slagstad Aamot	13-14 år
Alvolai Røyseth	17-18 år

Sølv til:

Lilje K.M. Røyseth	13-14 år
Mariell Endestad Hellevang	15-16 år
Trine Endestad Hellevang	17-18 år

Bronse til:

Erik Orasmäe	15-16 år
Lone Kalland	24-34 år

NM 5-kamp har også ein lagkamp.

I klassa menn inntil 18 år vant vi gull.

Med på laget var Alvolai Røyseth, Aksel Svorstøl og Nima B. Lama.

I klassa for kvinner over 18 år vant vi bronse.

Med på laget var Tine R. Pedersen, Lone Kalland og Trine E. Hellevang, Gunnar stilte opp og tok i mot medaljen.

Odd Gunnar Røyseth og Gunnar Reiakvam var med som trenarar.

NM Veteran, Vigrestad 30. september

Arne Larsen, Jørn Helgheim og Odd Gunnar Røyseth deltok på NM Veteran.

2 gull:

Arne Larsen	M7 -89 kg	55 + 78 = 133 kg
Odd Gunnar Røyseth	M4 -89 kg	103 + 125 = 228kg

1 bronse:

Jørn Helgheim	M6 -89 kg	50 + 65 = 115 kg
---------------	-----------	------------------

Dei fekk i tillegg 4.plass i lagkonkurransen.

Nordisk Meisterskap for senior, Landskrona, Sverige 27-28.oktober



To deltakarar frå Tambarskjelvar IL og to gull:

Marit Årdalsbakke	-71kg	90 + 105 = 195 kg
Ragnar Holme	+109 kg	150 + 190 = 340 kg

Håvar Røyseth var med som trenar.

Nordisk Meisterskap for ungdom/junior, Rovaniemi, Finland 10-11. november

Fylgjande utøvarar frå Tambarskjelvar IL var med i den norske troppen:

Ungdom: Alvolai Røyseth, Aksel Svorstøl og Nima Berntsen Lama.

Junior: Tine Rognaldsen Pedersen.

Dei fekk fylgjande plasseringar:

1 Gull:

Aksel Svorstøl	-67kg	78 + 105 = 183 kg
----------------	-------	-------------------

2 Sølv:

Alvolai Røyseth	-81 kg	109 + 125 = 234 kg
Tine R. Pedersen	-76 kg	83 + 110 = 193 kg

4.plass:

Nima Berntsen Lama	-89 kg	103 + 118 = 221 kg
--------------------	--------	--------------------

Odd Gunnar Røyseth var med som trener.



NM Ungdom, Naustdal 25. november

Vi hadde 12 påmelde, og fekk slik medalje-fangst:

4 Gull:

Mariell Endestad Hellevang	-76 kg	$67 + 84 = 151$ kg
Aksel Svorstøl	-73 kg	$90 + 115 = 205$ kg
Alvolai Røyseth	-81 kg	$110 + 136 = 246$ kg
Jakub Karol Kudyba	-96 kg	$92 + 106 = 198$ kg

2 Sølv:

Erik Orasmäe	-67 kg	$70 + 85 = 155$ kg
Nima Berntsen Lama	-89 kg	$105 + 122 = 227$ kg

2 Bronse:

Olai Aamot	-81 kg	$76 + 100 = 176$ kg
Lilje Kristin Røyseth	-59 kg	$40 + 57 = 97$ kg



Bestemannspemien for jentene: Mariell Endestad Hellevang med 184,88 poeng

Bestemannsperimien for guttane: Alvolai Myrvang Røyseth med 320,61 poeng

NM for Ungdom er også Lag NM for den aldersklassa og gutane våre tok gull.

Med på laget var Aksel Lykkebø Svorstøl, Alvulai Myrvang Ryseth, Nima Berntsen Lama og Jakub Karol Kudyba.

Vi hadde ei jente for lite til å stille lag i jenteklassa.

NM Lag Senior, Spydeberg 09. desember

Gull til damene med 899,57 poeng.

Med på laget var Lone Kalland, Tine Rognaldsen Pedersen, Marit Årdalsbakke, Trine Endestad Hellevang og Mariell Endestad Hellevang.

Herrelaget vårt var ikkje kvalifisert til NM Lag i år.



Bestemannspremien for stemnet gjekk til Marit Årdalsbakke. Tine Rognaldsen Pedersen fekk 3.plass og Lone Kalland fekk 4.plass.

Jantsen Øverås og Odd Gunnar Røyseth var med som trenarar.



Norske rekordar sett av utøvarar frå Tambarskjelvar IL i 2023
 Fleire av våre utøvarar har sett norske rekordar i året som gjekk.

Ungdom Menn:

Alvolai Røyseth -81 kg Rykk 112 kg,
 støt 138 kg, samanlagt 250 kg

Junior kvinner:

Trine Endestad Hellevang - 87 kg Rykk 76 kg, støt

Senior menn:

Ragnar Holme +109 kg Rykk 165 kg,
 samanlagt 369 kg

Senior kvinner:

Ine Andersson -64 kg Støt 121 kg

Veteranar menn:

Alder 50 til 54 år:
 Odd Gunnar Røyseth -81 kg Rykk 97 kg, støt
 120 kg, samanlagt 217 kg
 Odd Gunnar Røyseth -89 kg Rykk 103 kg,
 støt 125 kg, samanlagt 228 kg



SPORT

**Alvolai tok fire
 norgesrekordar: - Følte
 litt ekstra press**



REKORD: Alvolai Myrvang Røyseth sette fire Norgesrekordar i Naustdal i helga. Foto: Ola Bergheim

Styrkeløft

Vi har ein styrkeløftar med oss i vektløftargruppa, Fredrik Myrvang. Han har kapra følgande medaljar i benkpress i 2023:

4 Gull:

NM utstyrsfritt 166,5 kg
NM utstyr 195 kg
EM utstyrsfritt 165 kg
EM utstyr 185kg

2 Sølv:

VM utstyrsfritt 157,5 kg
VM utstyr 190 kg

Fredrik har bidrege mykje på stemner vi har arrangert, og på anna dugnad i gruppa.



ØVRIG SPORTSLEG AKTIVTET

Vi arrangerar mange klubbstemner i vektlyftarhallen, dette er eitt lågterskeltilbod der alle får vere med. Våre utøvarar deltek og på RM og Vestlandsmeisterskapen.

REPRESENTASJON AV MEDLEMAR I VEKTLYFTARGRUPPA

Stian Grimseth er president i NVF.



AVSLUTNING

Vi er ei lita gruppe med eit stort potensial. Når vi samarbeidar og alle trør til får vi gjort mykje. Ein del av det å vere ei lita gruppe er at det kan bli slitasje på dei som går att år etter år i verva sine. Vi har mange ungdommar, og med dei foreldre, som har vore gode å ha ved arrangement. Vi har og støttespelarar som ikkje er med i det daglege arbeidet, men som bidreg ved behov.

Takk til alle som bidreg. Aktive, trenarar, foreldre og andre.

Styret



Styret for 2024 vert sett saman slik:

Leiar: Ove Varlid, vald for 1 år

Styremedlem: Jantsen Øverås Styremedlem:

Jørn Helgheim Styremedlem:

Tore Gjøringbø Styremedlem:

Lone Kalland, vald for 1 år

Styremedlem: Ann Elen Endestad, vald for 2 år

Vara: Andreas Reiakvam, vald for 2 år

ARBEIDSPLAN 2024

Gruppa skal ha eit styremøte pr månad, med unnatak for juli og august.

Skal arrangere serie-stemne den siste torsdagen i kvar månad, med unnatak for juli.

Skal ha deltakarar på alle aldersbestemte NM i 2024.

Skal ha deltakarar på Nordisk Meisterskap for ungdom, junior og senior.

Skal ha deltakar på EM og VM for senior.

Skal ha ein økonomi i balanse.

Skal arrangere julestemne den 26.12.24.

Arbeide med prosjekt for unge.

Gamle vekltlyftarommet få ein betre bruk.

Trenings samlingar i skuleferien.

Skal arrangere NM Lag for senior i Naustdal i november eller desember 24.

Prosjekt til å løyse inn midlar frå Sparebank1

Prøve-VM 12.oktober – dugnad – teknisk arrangør

Badstue

NAUSTDAL STADION

Styret har bestått av Leiar Bjørn Hundershagen, Egil Indstebø for friidrettsgruppa, Bjørn Ole Hjørnevik for fotballgruppa og Kåre Holseter for kommunen.

Det ber avholdt 1 møte i styret i forrige periode.

Det vart oppretta ei gruppe i idrettslaget for å arbeide med realisering av nytt redskapshus på stadion. Grappa har bestått av leiar i driftstyret, Oddvar Hukset, Bjørn Ole Hjørnevik, Egil Indstebø og Torgeir Herstad fra Naustdal Raude kors. I tillegg har Einingsleiar for idrett og friluftsliv i kommunen v. Anne-Grete Nøttingnes Rognsøy deltatt på møta.

Aktiviteten på stadion har vert god. Stor aktivitet skapar meir forureinsing rundt og på bana. Dugnads basert plukking av bos har ikkje heilt fungert godt nok i år. Det må lagast betre rutinar og passe på at det vil bli fylgdt opp.

Det har vert hververk i redskapshuset. Dør til Traktor har knust. Har kontaktet foreldra til unge gutar.

Det vart planlagt rensing av Tartandekke på stadion men det er utsatt til vår 2024 i regi av Sunnfjord kommune. Djuprens av kunstgraset vil bli gjort i 2024

Bjarte Røyset har tatt seg av slodding og rensing av kunstgrasbana. Her treng vi fleire som kan ta på seg den jobben.

Leiar har innhenta nyteikningar på Bedrifts avtalar for stadion reklame skilt. Nokon vil ikkje bli med lenger og dei vil bli tatt ned i 2024. Reklameskiltgjærdet vart ikkje reparert i år, men blir tatt i 2024.

Det er søkt om og det er innvilga 20.000 kr fra sparebankstiftinga på granulat oppsamlar rister som vil bli montert kommande år. Dette er i samråd med handlingsplan for Sunnfjord kommune, drift av kunstgrasbaner.

Skifte eller påfylling av sand i lengdegropa må prioriterast og mulig tildekking av gropa når den ikkje er ibruk. Duk/presenning.

Driftstyret har eit overskudd på drifta i år, men må investere i oppgradering i neste år.

Mvh Leiar

Bjørn Hundershagen, 28.02.24

BUDSJETT 2024

Aktivitet	Utgifter	Inntekter
Stadionreklame		30.000
Leigeinntekt bane		18.000
Drift/Vedlike. slodding/rens	20.000	
Nytt reklamegjærde, sand	50.000	
Drift av traktor	10.000	
Totalt	80.000	48.000

Budsjettere med overforbruk/meir investering på kr. 32.000.

ORIENTERING FRÅ INSTEDALEN SKIANLEGG AS

Instedalen skianlegg er organisert som eit AS der Tambarskjelvar IL eig 60 % og Instedalen krins 40 %. AS'et har eiga genralforsamling. Årsmøtet til Tambarskjelvar IL skal såleis ikkje godkjenne årsmelding, arbeidsplan og budsjett for Instedalen skianlegg as. Dette er såleis å rekne som ei orientering frå selskapet til eigar.

MELDING OM ARBEIDET 1.6.2023 OG FRAM TIL 10.FEBRUAR 2024

Årsmøte 2023 vart halde 10.mai i klubbhuset med handsaming av dei vedtektsfesta årsmøtesakene, melding om arbeidet, rekneskap, plan for arbeidet, budsjett og val. Alle sakene vart samrøystes vedteke.

Årsmøte vedtok å legge ned heimesida vi har hatt i lag med krinsstyret.

Etter årsmøte i 2021 har styret vore slik samansett:

Åsmund Berthelsen (leiar), Arne Ommedal og Jan Herstad representerer Tambarskjelvar i styret, med vara Torgeir Herstad for Berthelsen, Stian Sølvberg for Ommedal og Agata Berger for Herstad.

Instedalen krins har to i styret, Gudmund Eimhjellen og Håkon Svoen som er nestleiar. Med vara Janne L. Svorstøl for Eimhjellen og Arne Dvergsdal for Svoen. Ranveig Indrekvam har vore revisor og Ruth Signe Bruflot og ein rep. for Tambarskjelvar har vore valnemnd.

Aktivitetar

Vinterveka:

Veka vart gjennomført nesten som planlagt. Men på grunn av svært dårleg ver måtte vi avlyse måndag den 20.2. Likevel hadde vi ein del utgifter fordi alt var tinga på førehand. Gjennom veka var det også behov for å brøyte og preparere kvar dag vigjekk vi med ein lite overskot som går til å dekke andre driftsutgifter til skianlegget.

Gjennom Naustdal Fram (nærmiljørådet i Naustdal) fekk vi ein del matvarer sponsa og dei fekk også med fleire verksemder som sponsorar. Det gjorde at tilbodet **denne gongen var gratis**. Vi fekk også dekkja transportutgiftene frå og attende til Naustdal kvar dag. I alt var det med 52 born med ein eller fleire dagar.

Saman med Barnas Turlag vart det arrangert Kom deg ut-dag i anlegget den 5.2.23.

Bruken av anlegget har auka, både på kveldstid og i helgar når veret er godt. Løype og anlegg er godt preparert.

Åsmunds skiskule hadde i 2021 aktivitet kvar måndag i januar og februar, fram til vinterferien. Skiskulen er eit samarbeid mellom Åsmund og barneidrettsgruppa og er eit gratisopplegg. Også vinteren 2022 har skiskulen hatt same opplegget heilt fram til 21.mars.

Ski- og o-gruppa greidde å gjennomføre alle dei åtte planlagde karusellrenna med eit samla deltakartal på 82. Mange gjennomførte alle renna og også mange gjennomførte 6 og 7 renn. Det var deltakarpremie til alle. Det deltok mellom 30 og 50 på kvart renn.

Instiaden vart arrangert i samarbeid med ski- og o-gruppa i Tambarskjelvar, Von 4H og Åsmunds skiskule søndag 5.mars. Opplegget var som det har vore i over 10 år, men i år hadde ein ikkje kafe i skulehuset/grendahuset.

Kvar måndag arrangerer Åsmund skiskule i samarbeid med barneidrettsgruppa i Tambarskjelvar i januar, februar og nesten heile mars. Det er mange på dei fyrste kveldane- opp til 60, og ligg færre etterkvart.

Drifta

Anlegget, løypa og parkeringsområda var i 2023 preparert til kvar ettermiddag, kveld og helg. Veg og parkering ved Vonavegen var brøyta og løype preparert til Vonavatnet til kvar helg. Inge Svorstøl har hatt prepareringa av løyper og anlegg. Han har også hatt brøytinga av Vonavegen og parkeringa der, då han har brøytinga for kommunen inst i dalen.

Preparering og brøyting starta opp den 18.12.22 og varte fram til fyrst i april. 112 timar til preparering i anlegget og 31,5 timar til Vonavatnet. Brøyting på Vonavegen og parkeringsplassen var på 43 timar. I tillegg var det nokre timar til å brøyte den øvre parkeringsplassen ved skianlegget. Dette vart utført av Kim/Geir Horstad. Torgeir Herstad og Røde Kors har teke på seg å køyre løype frå Vonavatnet og innover. Utifrå forholda vert det ikkje så mange gongene. Har fått løyve til å køyre tidleg på søn-og heilagdaggar, før kl.10.00. Frå neste år må vi ha nytt løyve, og søknad er alt sendt.

Parkeringsområda

Ved oppstart av sesongen 2013/2014 vart det strid om retten til å bruke det øvre parkeringsområdet ved skianlegget. Kim Horstad sa frå om at han ikkje kunne brøyte det og ville nekte oss å bruke andre til å gjere det. Han meinte at vi ikkje hadde avtale om å få bruke det. Det viste seg at avtala som var sendt til underskrift i 2013 ikkje var underskriven. Men det var gjeve munnleg tilsagn om tilslutning til avtala frå dei to grunneigarane. Ei munnleg gjeld også, men alternativet til å ta det opp att var å gå til retten. Den prosessen ville ikkje styret gå inn i, og styret gav styreleiar fullmakt til å gjere avtale om parkeringsområde med både grunneigarane og ei avtale med Horstad om preparering av anlegg og løyper.

Horstad gjekk frå krav om godtgjersle for grunn og ville heller ha preparering av anlegget og vegen til Vonavatnet. Den andre grunneigaren, Ruth Signe Bruflo hadde godteke avtala frå 2013, men ville at det vart ordna opp i det slik at ikkje drifta av anlegget stoppa opp. Det ville ha vore konsekvensen av om ein ikkje fekk brøyta den øvre parkeringsplassen.

Styret har no til godkjenning den opprinnelege avtala frå 2013 utan vilkår om godtgjersle/erstatning og ei avtale om korleis preparering skal gjennomførast. Det vil verte inngått avtale med Kim Horstad om brøyting for sesongen 2024/2025 med vilkår om tidspunkt og kvalitet.

Utbygging og utstyr

Det er ikkje gjort noko i sjølve anlegget eller bygd ut noko i 2023 og fram til årsmøte no i 2024. Det er utarbeidd planar for utviding av klubbhuset med lager og plass til utstyr/maskiner. Kostnadene med ei utviding med moms er nærare 1,5 million kroner. Det er mogleg å få nesten 500.000 kr i spelemidlar og Sparebankstiftinga, Sparebanken Vest og Tambarskjelvar IL har delvis alt ytt støtte eller gjort vedtak om løyving på til saman 335.000 kr. Tambarskjelvar IL har avslått søknad om rentefritt lån for å forskottere momsen som vi får att når anlegget er ferdig og godkjent. Spelemidlane kan vi søkje kommunen om å forskottere. Tamarskjelvar sa nei til å yte eit ekstra

tilskot for å få finanseirnga i orden. Det vert sendt søknad på nytt til årsmøte i Tambarskjelvar om forskottering og tilskot.

Økonomi

Rekneskapen er gjort opp med eit årsresultat på 48500 kroner. Etter krav frå Friviljugregisteret kan vi ikkje nytte dette til eige drift eller utbygging, men må betale det til friviljuge organisasjonar. Det må også gå fram av vedtektene at vi skal gjere det. Desse er foreslått endra i eiga sak på årsmøte. Om vi ikkje gjer dette vil vi bli stroke i friviljugregisteret og kan ikkje motta grasrottdel og truleg heller ikkje få refundert moms for drift og vedlikehald. Til saman vil det utgjere store summer for oss. I vedtektene vert det foreslått å utbetale eventuelt overskot til idrettslaget og Instedalen krins. Vi må så søkje desse om få att desse midlane. Eit overskot vert delt mellom dei to etter kor stor aksjepost dei har.

På inntektssida merkar ein at momskompensasjonen er vesentleg høgare i 2023 enn i 2022. Det kjem av større behov for å preparere og å brøyte. Sponsor og reklameinntekter er auka då vi har fått nokre fleire sponsorar som har fått skilt på veggen, mellom anna Enivest. Spelemidlane vi har fått gjeld innkjøp av trommel der vi får etter kor stor del idrettslaget eig i selskapet, det vil seie 60 prosent. Og så har betalingsordninga gjeve meir. Det kjem av bra med snø og gode løyper i store delar av vinteren som i grunn varte frå før jul til fyrst i april. Skulen i Naustdal og to-tre skular i Flora har også betalt for å vere i anlegget og i rekneskapen spesifisert som leigeinntekt.

Naustdal, den 10.februar 2024

Åsmund Berthelsen(styreleiar)

Godkjent av styret 24.mai 2022.

ARBEIDSPLAN 2023/24

Vedteke på årsmøte/generalforsamling 12.februar 2024

Drift av skileikanlegg, løyper og parkeringsområde

Skileikanlegget og skiløype skal vere preparert til kvar ettermiddag/kveld og til kvar helg gjennom heile sesongen, om ver og føre gjer det mogleg. Det vert også preparert når nokon melder i frå om bruk av anlegget/løype på dagtid.

Veg til parkeringsplass ved Vonavegen vert brøyta, og løype til Vonavatnet vert preparert til kvar helg (fredag ettermiddag eller laurdag morgon) om det er ver og føre til å gå på ski. Det vert lagt opp til å køyre løype med skuter og sporsettar frå Vonavatnet til Fosselvekråa til kvar helg frå 1. januar til 1. april, og det elles er fornuftig å gjere det. Skianlegget har fått fornya løyve til å køyre løype frå Vonavatnet til Fosselvekråa fram til 2024. Difor må det søkjast på nytt. Vi kan køyre også på sundagar og heilag dagar før kl.10.00 og etter kl.16.00.

Både til brøyting på Vonavegen og parkeringsplassen og i skianlegget, og til preparering/løypekøyring, kjøper anlegget tenester.

Sunnfjord kommune har teke på seg å brøyte den nedre parkeringsplassen og parkeringslomma ved innkøyringa. Til å brøyte den øvre parkeringsplassen kjøper skianlegget tenester.

Det vert lagt opp til felles årskort for skianlegget og Vonaområdet. Styret fastset prisen i god tid før sesongstart. Det vert lagt opp til betaling med vipps og bankkonto.

Dei som nyttar skianlegget/løypa til faste arrangement og skular/barnehagar betalar for sesongen 2023/24 1000 kr pr. dag. Det er for bruk av alle fasilitetane i anlegget/løypa.

Informasjon om ver-og føreforhold og preparering skal leggst ut på facebook og instagram kontinuerleg gjennom heile sesongen. Informasjon om anlegget, løypene m.m. vert lagt ut på skianlegget si eiga heimeside (<https://instedalenskianlegg.no>) Det vert vurdert å annonsere einskildarrangement i lokalavisene. Det må arbeidast for å få fleire sponsorar, særleg til arrangement som Vinterveka og Instiaden.

Utbygging av skianlegg, løyper og Draumeplassen

Klubbhuset skal utvidast med lager/overbygg mot nord og overbygg mot sør der det skal vere oppslagstavle, reklame og salsluke. Det vert søkt midlar frå Sparebankstiftinga til dette og midlar som Tambarskjelvar har løyvd.

Vidare arbeid med løypetraseen vert gjort i samband med å ruste opp traseen til sykkelløype. For å få grus til sykkelløype og toppdekke skal parkeringsområdet mot Reinene utvidast sørover om grunneigar gjev løyve til det.

Bygge utedo i tilknytning til nybygd gapahuk/hytte.

Arbeidet med å drenere og gruse i skileikanlegget vert gjort ferdig. Det vert arbeidd med å få lage sykkelstiar i terrenget rundt skileikanlegget. Og det vert arbeidd med planar for nokre mindre gapahukar som del av prosjektet Draumeplassen.

Det vert laga planar for å bygge sykkelstiar i terrenget i og kring skileikanlegget.

Styret skal arbeide vidare med å få til ei enkel tur/skiløype vidare innover mot Fimland vassverk.

Styret arbeider med å utvikle eit sommaranlegg (Draumeplassen) i området og gjer avtale med grunneigar om dette.

Gamle stolpar og kraftlinje til anlegget vert teke ned.

Det vert vurdert å bygge ein diskolfbane i anlegget. Dette må avklarast med grunneigar.

Aktivitetar i skianlegget

Vinterveka (vinterferieveka i veke 8) vert som dei føregåande åra arrangert saman med Åsmunds skiskule, ski- og o-gruppa og barneidrettsgruppa i Tambarskjelvar. i vinterferieveka og barneidrettsgruppa i idrettslaget (veke 8) i 2021 etter same mønsteret som tidlegare. Det vert vurdert å redusere til tre dagar. Ein går breiare ut med informasjon om veka og med støtte frå fleire gjere det så billeg som råd å delta.

Instiaden vert arrangert etter same mønster som tidlegare søndag den 5.mars saman med Von 4H, Ski- og orienteringsgruppa i Tambarskjelvar, Dalen Tur og Trimlag, Åsmunds skiskule. Ein søker å involvere fleire i planlegginga av og gjennomføring av Instiaden.

Naustdal, den 12.februar 2024

Åsmund Berthelsen

(styreleiar)

Instedalen skianlegg - Budsjett		
Drift	B2024	R2023
Utgifter		
Brøyting	80000	86875
Preparering	150000	161438
Renovasjon/straum/vatn	25000	20454
Vinterveka	40000	40000
Forsikring	7000	5855
Draumeplassen		
Diverse skilt (sponsor)	20000	15786
Skiutstyr		
Marknadsføring	8000	
	330000	330408
Inntekter		
Årskort	60000	62450
Dagskort	30000	24670
Grasrottdel	12000	10763
Sponsing	30000	75000
Støtte (skigr, skisk, barne)	60000	72055
Støtte kom. Barnast urlag	40000	
Vinterveka	40000	40000
Refusjon mva	40000	92755
Gåver/tilskot	50000	
	362000	377693

Budsjett og rekneskap her er ikkje inkludert utbygging

VEDLEGG 2 (SAK 9): REKNESKAP OG MELDING FRÅ KONTROLLNEMDA

RESULTAT TAMBARSKJELVAR IL	2 023	2 022
3060 - Inntekter dugnad	30 000	
3080 - Pliktig rabatt		720
3111 - Salg av andre varer	23 511	6 150
3112 - Salg av varer		3 600
3115 - Kiosksal o.l.	92 423	29 369
3116 - Øl og matsal		68 040
3117 - Inngangsbillett		70 630
3120 - Sponsorinntekter	497 500	500 450
3130 - Reklame/annonseinntekter		26 000
3200 - Salg utenfor avg.området		1 000
3790 - Andre inntekter		58 954
3400 - Aktivitetsmidlar,kulturtilskot	203 642	200 000
3410 - Norsk Tipping AS	144 611	152 406
3430 - Gåver/bidrag	42 838	34 000
3441 - Utstyrmidlar		15 000
3450 - Aktivitetsmidlar	0	0
3480 - Tilskot	35 926	15 207
3610 - Leieinntekt stadion	10 000	11 500
3620 - Utleige reklameplass	58 000	58 000
3850 - Sal lagsdrakter	1 779	15 545
3920 - Medlemskontingent	68 000	97 225
3930 - Treningsavgift	245 209	228 519
3950 - Stemneinntekter	111 835	63 162
3951 - Lisensar	4 200	16 650
3953 - t-skjorter	11 000	
3960 - Inntekt lotteri, bingo	100 527	98 345
3975 - Momskompensasjon	144 416	122 555
3995 - Eigenandelar reise	55 349	47 250
Driftsinntekter	1 880 766	1 940 277
4010 - Kostnadar kiosksal/frukt	-44 504	-10 292
4060 - Frakt, toll og spedisjon		-1 994
4110 - Utgifter egne stemne	-113 805	-106 341
4111 - Drikkevarer		-31 383
4112 - Mat		-1 048
4116 - T-skjorter	-9 901	
4117 - Varer klubbkveld	-18 337	
4200 - Kostnadar lotteri, kalender	-250	
4390 - Beholdningsendring	-959	-11 965
5000 - Trenar/dommarutgifter/adm	-262 813	-194 960
5990 - Sosiale utgifter	-46 407	-32 595
6300 - Leie lokaler	-167 649	-256 119
6302 - Husleige		-20 000
6310 - Leige fotballbane	-10 000	-10 000

6420 - Leie datasystemer	-5 384	-5 218
6550 - Driftsmateriale	-4 734	-3 150
6560 - Investering i treningsutstyr	-95 974	-86 503
6570 - Kostnader materiell	-594	-36 066
6600 - Rep/vedlikehold bygninger	-6 000	-1 625
6621 - Vedlikehald utstyr	-7 688	
6640 - Rep vedlh bane	-21 448	-1 372
6705 - Regnskapshonorar	-98 803	-95 054
6790 - Annen fremmed tjeneste	-48 167	-36 399
6830 - Data /web kostnader	-50 247	-10 138
6840 - Medlemsblad/publikasjonar		-560
6860 - Møter/kurs/oppdatering	-26 038	-32 856
6940 - Porto	-188	-689
7100 - Bilgodtgjørelse	-1 838	-1 838
7140 - Reise etter regning	-217 793	-239 073
7160 - Reise/treningsstøtte	-37 644	-10 430
7320 - Reklamekostnader	-57 235	-103 863
7321 - Reklameannonser	-2 562	-7 563
7400 - Startkont./avg.	-77 728	-88 863
7401 - Medlemsskap,Lisensar	-17 000	-19 250
7410 - Kontingentar	-80 815	-59 040
7411 - Eigenandelar samling	-118 365	
7420 - Utmerkingar gåver	-13 026	-13 533
7421 - Støtte	-210 838	-145 560
7422 - Aktivitetsmidlar	-28 806	-33 963
7425 - Premiar	-46 416	-38 478
7500 - Forsikringspremiar	-34 949	-34 715
7740 - Øredifferanser	1	
7770 - Bank- og kortgebyrer	-2 173	-1 816
7790 - Annen kostnad	-4 241	-14 549
7791 - Gebyr buypass	-5 145	-6 692
7792 - Provisjon buypass	-1 929	-1 905
7793 - Gebyr Vipps	-2 110	-3 831
7794 - Gebyr eqtiming	-2 572	-2 314
